

Løpe- nr.	Oppslags- nr.	Namn i off. bruk / forslag (1316-2 = Norge 1:50 000, ØK = økonomisk kartverk)	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
1	7199	Tågavatni (1416-2)	Togavatnet (hovudnamn) / Tangavatnet (undernamn)	Gruppe av vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står både Tangavatn og Taugavatnè oppførde som dialektformer av namnet, Tangavatn med merknaden "Ligg på vasskilje. Vatn med mange vikar og tangar." Taugavatnè har merknaden "Annan skrivemåte på Tangavatn. Mistyding av gml. skrift?" I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Tøgavatne som uttalenær skrivemåte, med merknaden "langt, fleire tjørnar som ei strimla burtetter; derav namnet?" I ei namnesamling i heradsregisteret (1992) står Tangavatne oppført to gonger. Det har merknaden "Namnet har vorte skreve feil. Tangar rundt vatnet. Utmark." Jørgen Hallanger (1931) og Edvard Ljone (1938) står der som informantar. Botolv Helleland har notert uttalen /"taoga-/ av dette namnet frå Helge Sygnestveit. Han nemner òg ei oppskrift ved Daniel Dvergsdal, som er litt utydeleg, men som ser ut til å kunna lesast anten /teu`gevotn/ (open o) eller med -ao-uttale. Helleland opplyser vidare at eldre folk på Ljono sa Tangavatnet då han samla inn stadnamn i heradet i 1990-åra. <u>Skrifttradisjon:</u> Tougevand i rektangelmålinga frå 1864, TaugaVd i kart over Søndre Bergenhus amt frå 1868, TangeV. i amtskart frå 1870, TaugeV. i kart over Bergensbanen frå 1909 og 1940, TaugeV. i amtskart frå 1919 og 1937, Taugevn og Taagavatn i gradteigsmålinga frå 1928, Taagavn i gradteigskart frå 1932, 1955, 1965 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Tågavatni i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995 og 2008. Den eldste førekomst av namnet me kan finna i bøker er Norway – illustrated handbook for travellers av Chr. Tønsberg frå 1875, der namnet på s. 85 er skrive "Tangevand", men korrigert til Taugevand i ei rettingsliste fremst i boka.

1	7199	Togavatnet (Boka "Ulvik i fortid og nutid 2", s. 322)		Gruppe av vatn <u>Skrifttradisjon (framh.):</u> I seinare utgåver av Reisehaandbog over Norge er Taugevand brukt, t.d. i 1883 og 1907. O. Olafsen skriv òg Taugevand i boka De viktigste støler og fælægge frå 1910. Togavatn er brukt i Gula Tidend 06.03.1913. Olav H. Hauge nytta Tøgavatne i DNTs årbok for 1950, Tågavatn i eit brev til Jan Erik Vold frå 27.04.1977 og Togavatn i dagboka si frå 07.10.1989. I årboka frå 1950 skriv han at "Tøgavatne skal ha namn etter ein gamal veidemåte. På grunt vatn spente dei ut fløkje av einetog som reinen so vasa seg fast i, når han skulde over." I Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon frå 1981 står Tågavatn som oppføring, med m.a. merknaden "(første ledd i navnet er norrønt toga, strekke ut), Taugevatn, langstrakt fjellvann i Ulvik kommune". I boka Rallarvegen frå 2008 og i tidsskriftet Vossabygdene frå 1955 er Tøgavatnet brukt som skrivemåte, i fyrstnemnde bok med Taugevatn i parentes. I boka Fjellets sønner frå 2023 av Erling M. Nesbø (oppvaksen på Finse) er Taagavatten brukt som namneform. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Tangavatn. Dei hevdar at skrivemåten Tanga-/Tange-vatn er nytta i alle kart frå før 1900, og skriv at namnet tange er brukt på mange vatn i området og viser til den vanlege fangstmåten. Arne Skjerven har skrive eit høyringsvar der han tek til orde for Tangavatnet som namneform. Han hevdar òg at alle kart frå før 1909 har Tange- som skrivemåte av namnet, og han nemner eit kart frå 1820-åra, frå 1848 (på venterommet på Finse stasjon), frå 1864, amtskart frå 1856, 1867-68, 1872, 1882 og eit "frå Bergen til Buskerud" der han ikkje nemner årstalet. Han nemner òg bøker frå 1874 og 1875 av Chr. Tønsberg, der han skriv at både den engelske og norske utgåva brukar Tangevann som skrivemåte. (Framh.)
---	------	--	--	--

1	7199	Taagavatten (Boka Fjellets sønner frå 2023)		Gruppe av vatn	<u>Høyeringssvar (framh.):</u> Skjerven peikar på at ein tange er ei landtunge som går inn i vatn i broddar eller spissar, og at det er fleire slike i det aktuelle vatnet. Han hevdar at Tauga- fyrst kom inn i kart i 1909, og at ingen veit kva det tyder. Han trur det er grunnen til at Tåga- vart teke i bruk. Tåg, i fleirtal tæger, tyder røter, og det er meiningslaust i fjellet so høgt over havet. Han meiner difor at Tangavatnet er rett både historisk og ut ifrå lendet på staden. Ulvik sogelag har vendt seg til professor Gunnstein Akselberg for å få ei forklaring på utviklinga frå Tanga- i uttalen til Tange-, Tauge- og til slutt Tåga- i kart. Han støttar Arne Skjerven sin teori, og skriv at forma Tanga- kan ha vorte skriven ned for hand, n-en kan ha vorte omtolka til u, -a- har vorte fordanska til -e-, slik at ein har fått Tauge-, og so kan Tauge- ha vorte fornorska til Tåga-, der fornorskarane kan ha tenkt at -au- representerte ao-uttale, som tilsvarar å i skriftspråket. <u>Tilråding:</u> Språkrådet syner til det Gunnstein Akselberg, Arne Skjerven og Ulvik sogelag har skrive. Med utgangspunkt i namneforma Tangavatne, som er nedskriven etter ei opplysning frå Jørgen Hallanger, tilrår dei Tangavatnet som skrivemåte. Dei syner til punkt 2 i dei utfyllande reglane og til Fagervatnet like attmed når det gjeld bruken av bunden form -et. <u>Vurdering:</u> Kartverket har gått gjennom dokumentasjonen for dette namnet i kart og andre kjelder både før og etter 1900, og me finn ikkje dekning for at Tange- vart nytta eintydig før 1909. Rektangelmålinga frå 1864 (teikna av Fredrik Lowzow) har Tougevand som skrivemåte. (Framh.)
---	------	---	--	----------------	--

1	7199	Taugavatn (Rektangelmåling 1864, tegner Fredrik Lowzow)		Gruppe av vatn	<u>Vurdering (framh.):</u> Kartet som heng på veggen på Finse stasjon er ei samanføyning av den nemnde rektangelmålinga frå 1864, L. Broch si rektangelmåling frå 1848 og eit tridje kart, og av desse er det berre Lowzow si rektangelmåling frå 1864 som dekkjer det aktuelle vatnet. Amtskartet for Buskerud frå 1856 dekkjer ikkje den aktuelle staden, og namnet står difor ikkje der. Amtskarta for Nordre Bergenhus dekkjer heller ikkje den aktuelle staden, og me kan ikkje finna noko amtskart frå 1856, 1867-68, 1872 eller 1882 som dekkjer dette vatnet. Av dei karta me har undersøkt, er amtskartet frå 1870 det einaste som nyttar Tange- som skrivemåte, og det endrar seg altso til Tauge- i den neste utgåva som kom ut i 1919. I eldre dansk vart ordet tog/tau n. 'reip' skrive toug og taug. I tradisjonelt hardingmål vert dette ordet uttalt /tå:g/, jf. den tidlegare nynorskforma tøg for tau, som gjekk ut i 2012. Fram til byrjinga av 1900-talet vart dei fleste stadnamn fordanska i skrift, og Tauge- er den forma ein skulle venta dersom talemålsforma var Tøga-. Eksistensen av ei slik talemålsform vert stadfest i og med oppføringa Tøgavatne i Leiv Heggstad si namnesamling frå 1925, der han skreiv namna nær uttalen. Og ulvikjer som Olav H. Hauge og vesser som Brynjulv Osgjerd har altso òg nytta Tøgavatne(t) i skrift, jf. bruken av Taagavatten hjå Erling M. Nesbø frå Finse/Aurland. Dette tyder på at forma Tåga- i kart i seinare tiår faktisk har hatt reelt talemålsgrunnlag. Men skrivemåten Tåga- med å er uheldig, for han kunne tyda på opphav i gamalnorsk á og ao-uttale, slik ein har for skriftspråket sitt "å" både i Ulvik, Voss og Aurland. Uttalen /tao`ga-/, som Botolv Helleland har notert frå ein informant i Ulvik, kan vera reell, men tyder på hyperkorrigering av /å:/ i ei tid der talemålstradisjonen var vorten ustø. (Framh.)
---	------	--	--	----------------	--

1	7199	Tangavatnet (Nemnt i brev datert 20.03.22 frå Ulvik sogelag)		Gruppe av vatn	<u>Vurdering (framh.):</u> Men Helleland har òg notert /taŋ`ga-/ som uttale frå Ljono, og som Gunnstein Akselberg er inne på, er Tangavatne òg registrert to gonger i namnesamlinga frå 1991. Dette er nok ei nyare namneform som har oppstått i dei seinare generasjonane, kanskje på grunnlag av forma Tange- i amtskartet frå 1870. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at namneforma Tangavatnet òg finst som del av ein nedervd talemålstradisjon i dag, og at det er ei lokal interesse for å få formalisert denne namneforma. På den andre sida fastset § 1 i lova at stadnamn skal få ei skriftform som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet. Tangavatnet må seiast å vera ei omtolking som skyggjer for det opphavlege meiningsinnhaldet, som er 'tau-vatnet'. Namneforma med den opphavlege tydinga, dels i dansk skriftform Tauge-, har langt sterkare skrifttradisjon både i kart og bøker enn namneforma Tanga-, noko som tilseier tyngre vekting av Tauge-/Tåga- enn av Tange-/Tanga- i denne saka. Men når det i dag finst to namnetradisjonar, éin som står sterkast i skrift, og som har sterkast etymologisk grunnlag, og ein annan som er ei omtolking, men som kanskje er meir brukt munnleg i Ulvik i dag, gjev det grunnlag for at båe dei to tradisjonane kan reflekterast i den offentlege bruken av namnet. Kartverket konkluderer med å fastsetja Togavatnet som skrivemåte av hovudnamnet i tråd med den mest opphavlege talemålstradisjonen, skrifttradisjonen og det språklege opphavet, medan Tangavatnet kan formaliserast som undernamn i tråd med lokale ynskje og ein nyare talemålstradisjon i Ulvik. (Framh.)
1	7199	Tangavatn (Ulvik sogelag sitt framlegg)		Gruppe av vatn	<u>Vurdering (framh.):</u> Ordet tog som i "godstog" er i dag vanleg å uttala med å-uttale (tradisjonelt vestlandsmål har rett nok trong o-uttale i det ordet). Jamvel om skrivemåten no vert endra frå Tåga- til Toga-, og tøg i tydinga 'tau' har eit heilt anna språkleg opphav, kan ein rekna med at den korrekte å-uttalen vil halda seg i namnet sjølv om ein heretter skriv føreleken som Toga- med o. Togavatnet vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Tangavatnet vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.

2	250076	Sverreshogg (1416-3)	Sverdshogg	Skar	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Svershøgg oppført som dialektform av namnet fleire gonger. Ein stad har namnet merknaden "Kloven stein, som hoggen med sverd. Neppe noko med kong Sverre", ein annan stad står "Grensevarde. Stein som ser ut som hoggen med sverd." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Sverdshogg som uttalenær skrivemåte, med merknaden "eit skard der, men ikkje noko som liknar hogg av sverd; der er lagt noko tropper for beisti. Sverdshoggbrekko. Etter ein sverdstrid?" <u>Skrifttradisjon:</u> Sverreshogg i Norge 1:50 000 frå 1952, 1982, 1995, 1999 og 2010, Sverdshogg i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag skriv at dei generelt ynskjer at stadnamna bør skrivast so nær den munnlege uttalen som mogleg, og peikar på at lov om stadnamn seier at det skal takast utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen. For dette namnet ynskjer dei skrivemåten Sverdshogg. Dei skriv at det er namn på eit skar i berget "som hogge med sverd", og peikar på at Heggstad skriv Svershogg og og at Olav H. Hauge skreiv Sverdshogg. Arne Skjerven ynskjer òg endring frå Sverreshogg til Sverdshogg. Han skriv at Olav H. Hauge sa om steinen der at han er avkutta slik eit sverd kan gjera det, og at dei fleste i grenda Osa seier Sverdshogg enno i dag. <u>Tilråding:</u> På grunnlag av høyringssvara og uttalen med éi staving i førelekken, tilrår Språkrådet skrivemåten Sverdshogg. <u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.
---	--------	----------------------	-------------------	------	---

2	250076	Sverdshogg (Ulvik sogelag sitt framlegg)		Skar	<u>Vurdering:</u> Uttalen av namnet tyder på at ordet sverd ligg til grunn for førelekken. Ordet sverd vert i dag helst uttalt med d, men den gamle uttalen lokalt er /svè:r/ utan d. Namneforma Sverreshogg kan ha kome i kart ut frå ein teori om at kong Sverre gjekk her ved tilbaketoget frå Voss i 1177. Han og birkebeinarane var på eit felttog mot Bjørgvin, men vart stogga av ein bondehær på Voss. Tilbaketoget gjekk venteleg oppover Raundalen, og mellom historikarar ser det ut til å vera utbreidd skepsis til at fylgjet skulle ha gått om Sverdshogg/ Sverreshogg. Det må soleis reknast å vera berre på segnnivå, til liks med dei mange stadene i landet med Ola(v) i namnet som vert knytte til Heilag-Olav. Normeringa skal ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, og ein skal serleg vektleggja den munnlege tradisjonen tungt når opphavet er usikkert, jf. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Her lèt uttalen seg greitt foreina med Sverds- som skriftform, men ikkje med Sverres-. Det er difor godt grunnlag for å imøtekoma dei lokale ynskja om Sverdshogg som skrivemåte i denne saka, slik Språkrådet òg tilrår. Sverdshogg vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

3	68316	Torsbu (ØK, Ulvik sogelag sitt framlegg)	Torsbu (hovudnamn) / Torsstølen (undernamn)	Seter/støl	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Torstølen oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Steinbu. Kanskje gamal støl, usikkert." Der er det òg ei oppføring "Torstølsbue" med merknaden "Bu. Lita steinbu med inngang mot nord, på austsida til nuten." Leiv Heggstad nemner ikkje namnet i artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925), men han har med det avleidde namnet Torsbunuten der. I heradsregisteret (1992) står "Torsbu/Torstølen" oppført med merknaden "Der Tor bur. Beite. Støl. Utmark", og Torsbunuten står oppført to gonger, den eine staden med merknaden "Nut ovanfor Torsbu, Finse. Utmark." <u>Skrifttradisjon:</u> Torstølen i gradteigsmålinga frå 1929, i gradteigskart frå 1932, 1955, 1965 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1982, 1995, 1999 og 2008, og i boka Stølar i Ulvik frå 2015. Torsbu er brukt i økonomisk kartverk (ØK) frå 1972. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer namneforma Torsbu, og dei skriv at namna Torstøl og Torstølnut er komne til i nyare jaktbutid. Dei meiner at staden aldri har vore støl. Då dei fyrst tok opp namnesak for dette namnet, skreiv dei at dei fleste finsebuar (eldre) og folk frå Hallingdal framleis nyttar namnet Torsbu. Dei la til at når namna er komne inn i namnesamlinga for Ulvik, byggjer det på at namna var komne på kart då. Dei meiner det berre har vore ei steinbu på staden, ikkje støl. Arne Skjerven skriv like eins i sitt høyringssvar at det aldri har vore støl i Torsbu, men at "det har vore læger for for fedrifter, jakthytte for reinsjegerar (truleg for såvel hardingar og hallingdøler), og det har elles vore tilhelde for dei som dreiv med tamrein." Han meiner dette kan stadfestast på eit kart over Bergensbanen frå 1909, og at Torstøl og Torstølnuten er noko som har kome til i nyare tid. <u>Tilråding:</u> Sjå nedanfor.
---	-------	---	--	------------	--

3	68316	Torsstølen (vedteke 2010)		Seter/støl	<u>Tilråding:</u> På grunnlag av høyringssvara tilrår Språkrådet namneforma Torsbu. <u>Vurdering:</u> Sogelaget skriv at eldre finsebuar og folk frå Hallingdal framleis brukar namnet Torsbu, og det er eit viktig moment i vurderinga av om Torsbu skal nyttast som namn. I § 2 bokstav d står "nedervd stadnamn" definert som "stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar", og Torsbu må då seiast å oppfylle det kriteriet. Kartverket kan derimot ikkje leggja til grunn utsegna frå sogelaget om at bruken av "Torstølen" som dialektform "byggjer [...] på at namna var komne på kart då. Namnesamlinga byggjer på munnleg, lokal bruk, og sogelaget syner mange gonger i denne namnesaka til namnesamlinga som dokumentasjon. Då kan ein ikkje lata vera å leggja den same samlinga til grunn som dokumentasjon på munnleg bruk av einskildnamn. Torstølen står òg saman med Torsbu i namnesamlinga i heradsregisteret. Namnet Torstølen har vore brukt i ulike kartseriar i nesten 100 år utan å verta endra, og jamvel boka Stølar i Ulvik, som er skriven av lokalkjende folk, nyttar namneforma Torstølen gjennomgåande. Bruk 38/43, som vart fråskild i 2006, vart òg tildelt namnet Torstølen i matrikkelen ved fråskiljinga. Kartverket legg difor til grunn at det òg finst ein lokal tradisjon for dette namnet lokalt. Namnet Tor får possessiv-s i samansetningar, jf. Torsbu, og difor må dette namnet få skrivemåten Torsstølen etter norske rettskrivingsprinsipp.
3	68316	Torstølen (1416-2)		Seter/støl	<u>Vurdering (framh.):</u> Men namnet Torsbu òg må seiast å vera dokumentert, serskilt ved bruken i ØK frå 1972 og gjennom sekundærnamnet Torsbunuten i ØK, hjå Heggstad og i heradsregisteret. Ettersom Torsbu etter høyringssvaret frå sogelaget skal ha levande talemålsgrunnlag, er det rom for å imøtekomme lokale ynskje og setja Torsbu som hovudnamn, medan Torsstølen kan vidareførast som undernamn. Torsbu vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Torsstølen vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.

4	(i matr.)	Torstølen (matrikkelen)	Torsbu (hovudnamn) – Torsstølen (undernamn)	Bruk 38/43	Jf. løpenr. 3.
5	370359	Torsstølnuten (vedteke 2010) Torstølnuten (1416- 2, 1982) Torstølsnuten (1416- 2, 1952) Torsbunuten (ØK, Ulvik sogelag sitt framlegg)	Torsbunuten (hovudnamn) – Torsstølsnuten (undernamn)	Topp	<u>Uttale</u>: I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Torstølsnut'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Nut. Aust for Tverraone". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Torsbunuten som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Finse". (Han nemner ikkje primærnamnet.) <u>Skrifttradisjon</u>: Torstølsnut i i gradteigsmålinga frå 1929, Torstølsnt i gradteigskart frå 1932, 1955, 1965 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Torstølnuten i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2008, Torsbunuten i økonomisk kartverk frå 1972. <u>Høyringssvar</u>: Ulvik sogelag ynskjer namneforma Torsbunuten, og syner til at Leiv Heggstad har skrive namnet slik. Arne Skjerven meiner at Torstølnuten er noko som har kome til i nyare tid. <u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Torsbunuten. <u>Vurdering</u>: Førelekkane Torsbu- og Torsstøl- fylgjer av løpenr. 3. I trilekkssamansetningar er det gjengs med s-fuge i Ulvik og i Hardanger, og uttaleforma Torstølsnut'n i namnesamlinga frå Ulvik syner at -støls- er brukt i uttalen av dette namnet òg. I punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane står fylgjande: "Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen. Døme: Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Strandvikfjellet, Vikafjellet, Vikefjell." Torsbunuten vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Torsstølsnuten vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.

6	370029	Atlåsbekken (1316-2, 1996) Atlaosbekken (1316-2, 1978) Atlåsbekken (KV sitt framlegg)	Atlåsbekken	Bekk	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Atlaoksbekkjen oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Bekk. Mellom Vedaone og Eddegjelet. Mannsnamnet Aslak". Namnet står ikkje i artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925), men eit anna namn Atlaoks-nolten med same førelekk står der med merknaden "Atlaok er Aslak". <u>Skrifttradisjon:</u> Atlaoksbekkjen i økonomisk kartverk frå 1983, Atlaosbekken i Norge 1:50 000 frå 1978 og 1995, Atlåsbekken i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2008. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Atlaoksbekkjen, og syner til at namnesamlinga frå Ulvik nyttar den namneforma. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Atlåsbekken. Dei peikar på at regelverket ikkje gjev grunnlag for skrivemåten med ao for historisk å eller for å skriva -bekkjen i staden for -bekken. Førelekken i bekkenamnet meiner dei må vera genitivsform av mannsnamnet Atlåk, eit namn som heng saman med det meir vanlege Aslak. Dei peikar på at etterlekken -låk/-lak hadde forma -låkr i gammalnorsk. <u>Vurdering:</u> Kartverket legg til grunn at førelekken er mannsnamnet Atlåk (Aslak), og at Atlås- er feilskrift. Mannsnamnet er dokumentert elles òg i Hardanger med dialektuttalen Atlaok. Som Språkrådet peikar på, er dialektskrivemåten -ao- ikkje i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp. Etterlekken -bekken er eit ålment kjent ord som skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn, og Atlåsbekken er det nærmaste ein kjem uttalen ut frå norske rettskrivingsprinsipp. Atlåsbekken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

7	1090500	Askjellsdalen (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider, informant i Rett i kartet)	Askjellsdalen	Dal, aust for Tyssedal	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Asjellsdal'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Dalføre. Ovanfor Tyssedal, mot sør". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Askjelsdalen som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Tyssedal". <u>Skrifttradisjon:</u> Askelsdal i ei rektangelmåling frå 1864, elles ikkje funne i kart. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Askjellsdalen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Askjellsdalen. <u>Vurdering:</u> Den ynskta skrivemåten er uproblematisk. Føreleken er mannsnamnet Askjell, jf. gamalnorsk Áskell. Askjellsdalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

8	309177	Balåi (1416-3, Sjøkart 118) Balåni (Ulvik sogelag sitt framlegg)	Balåni	Bekk	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Balaonè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fossande elv. Utom Sygnestveit. Kan koma av bal = jordrygg". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Balaonæ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Balaonedalen i fjellet ovanfor". <u>Skrifttradisjon:</u> Balaonæ i økonomisk kartverk frå 1964, Balaai i Norge 1:50 000 frå 1952, Balåi i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Balaone, og syner til at den skrivemåten er i samsvar med uttalen. Då sogelaget fyrst bad om namnesak for dette namnet, gjekk dei inn for anten Balaoni eller Balåni som skrivemåte. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Balåni. Dei peikar på at det ikkje er tradisjon for å nytta e-endingar i sterke hokjønnsord i offisielle stadnamn i Hardanger. <u>Vurdering:</u> Det er lang normeringspraksis for i-endingar i stadnamn i Ulvik i bunden form av sterke hokjønnsord og i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord. Dette samsvarar med dei stadnamna som har endinga -æ i Leiv Heggstad si namnesamling. Ulvik sogelag gjekk inn for i-endingar i tilsvarande namn i namnesak 2017/27, der Kartverket gjorde vedtak i april i fjor, og det er naturleg at vedtaka i denne saka fylgjer den same normeringspraksisen som i den saka og alle tidlegare saker. Etter norske rettskrivingsprinsipp må -ao- i dialekten normerast som -å- i skrift, jf. § 4 i stadnamnlova. Endinga -ni med n-innskot er heimla i punkt 4.1.5 i dei utfyllande reglane. Balåni vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 4.1.5 i dei utfyllande reglane.
---	--------	---	---------------	------	--

9	795209	Balåfjellet (1416-3)	Balånefjellet	Fjell	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Balaonefjedlè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fjellparti. Brukt på heile området". <u>Skrifttradisjon:</u> Balanfjeld i ei rektangelmåling frå 1864, Balaafj i Norge 1:50 000 frå 1952, Balåfjellet i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Balaonefjellet. Dei opplyser at to informantar brukar Balaonefjellet, og ein informant brukar Balaofjellet. Dei syner til at Heggstad brukar namneforma Balaonedalen utan forkorting i eit tilsvarende namn. Då sogelaget fyrst bad om namnesak for dette namnet, gjekk dei inn for anten Balaonefjellet eller Balånifjellet som skrivemåte. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Balånefjellet. Dei skriv fylgjande: "Mellomlekken /-ne-/ må reknast som ein fuge som (blant anna) i Hardanger og på Voss finst i ein del nedarva munnlege namneformer der det er tale om avleiingar av elvenamn med etterlekk av ordet å (f.). Me oppfattar det slik at det her ikkje er tale om den bundne artikkelen (/ne/ eller /-næ/), som ein til dømes har i den nemnde uttaleforma «Balaonæ». [...] (Ein finn bruk av ne-fuge i godkjende SSR-registrerte namneformer som Ytstån(e)elvi (i Ullensvang kommune) og Svinånetjørni (på Voss). [...] (Me syner i denne saka til punkt 6 i dei utfyllande reglane.)" <u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.
---	--------	----------------------	----------------------	-------	--

9	795209	Balånefjellet (KV sitt framlegg)		Fjell	<u>Vurdering:</u> Språkrådet har rett i at mellomlekken -ne- i Balånefjellet ikkje er beinveges bunden form, jamvel om det nok etymologisk har eit element av bunden form i seg. Ein kan merkja seg at Leiv Heggstad skriv Balaonæ med -næ i bunden form, men Balaonedalen med -ne- som samansetningsfuge. På Voss, i Ullensvang og Eidfjord har dei tradisjonelt vossa-u i ein del trykklette stavingar, og der har ordet å 'elv' forma aona i bunden form, men forma -aonù- i samansetningar, og vokalvekslinga i ulvikamålet mellom -aonæ og -aone- representerer det same grammatiske trekket. Endinga -æ i talemålet vert normert som -i i Ulvik, men e-fuge vert normert med -e- i samsvar med dialekten, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen." Skrivemåten av dette namnet må difor verta Balånefjellet, ikkje Balånifjellet. Balånefjellet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.
---	--------	----------------------------------	--	-------	--

10	975781	Balåfossen (KV sit framlegg) Balåifossen (KV sit framlegg) Balånefossen (KV sitt framlegg) Sprenefossen (Ulvik sogelag sitt framlegg)	<i>Sprænefossen</i> (hovudnamn) – <i>Balå(i/ne/ni)fossen</i> vert avslege som namneval	Foss	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Sprenefòss'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Foss i Balaone. Nedom stølen. Sprutar når elva er stor". <u>Skrifttradisjon:</u> Sprenefossen/Sprænefossen er utan kjend skrifttradisjon. Balåifossen er brukt i kartet Norges landområder frå 2015 og Balåfossen er brukt i Norges landområder frå 2020. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer namnet Sprenefossen, og skriv at berre dette namnet vert brukt. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sprenefossen, og syner til høyringssvaret frå sogelaget. <u>Vurdering:</u> Føreleken i dette namnet må vera det nynorske verbet spræna 'spruta ut i grann (tunn) stråle', jf. gamalnorsk spræna. Skrivemåten må ut frå dette verta Sprænefossen med æ. Balåfossen og Balåifossen har vore brukt på eit par nyare kartutgjevingar frå Kartverket der nokre av dei høgste fossane i Noreg er lista opp, men namnet er henta frå frå nettstaden World Waterfall database, og ser ikkje ut til å ha grunnlag i lokal stadnamnbruk. Kap. 7.3.2 i Handbok for namnebehandling fastset fylgjande framgangsmåte i slike tilfelle: "I tilfelle der det blir dokumentert at staden likevel har eit nedervt namn, skal Kartverket formalisere det nedervde namnet og avslå det nye, føreslegne namnet." I denne saka tilseier dette at Balå(ne)fossen vert avslege som namneval. Sprænefossen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Balå(i/ne)fossen vert avslege som namneval, jf. kap. 7.3.2 i Handbok for namnebehandling.

11	674997	Bruåni (1316-2)	Brauåni	Elv, frå samrensla av Kvannjolo og Kvitli til Slondalsvatnet	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Brauaonè oppført som dialektform av elvenamnet, med merknaden "Brei elv. Namn på elva opp til der Kvitli og Kvannjolo møtest?". Det likelydande stølsnamnet står der med merknaden "Stølsbol til gnr 45-46-43. På båe sider av elva. Tyder truleg: Brei elv". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Brauaonæ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "elv og støl til Haaheim, Holmen og Øydve, med fælt breidt vad som er til møda. Haukanes skriv namnet Breiaaen. Brauaonemyrane, el. Brauaonings-." <u>Skrifttradisjon:</u> Bruone Sr i ei rektangelmåling frå 1864, Bruåni i Norge 1:50 000 frå 1952, 1978, 1995, 1996 og 2008. I 2008-utgåva er dette namnet brukt om elva, i dei andre utgåvene om stølen. Stølsnamnet er skrive Brauaone i boka Stølar i Ulvik frå 2015, og Bruåni i boka Levande landskap – Vossebygdene - Granvin - Nærøydalen frå 1999. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Brauaone, og syner til at denne skrivemåten samsvarar med uttalen. Då sogelaget fyrst tok opp denne saka, tok dei til orde for Balaoni eller Balåni som skrivemåte. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Bruåni, og syner til tilrådinga på løpenr. 6 og 8. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Bru- for Brau- synest å vera ei vel hard normering av dette namnet, og det er grunn til å stilla spørsmålet om det er rett normering. Ordet bru har vanlegvis forma /bru:/ i Hardanger, men i nokre få tilfelle førekjem forma /brao-/, t.d. i Bråvoll /brao´vådl/, som går attende på ei genitivsform brúar i gamalnorsk, som alt i gamalnorsk tid delvis vart dregen saman til brár. (Framh.)
----	--------	-----------------	----------------	--	--

11	674997	Brauåni (Ulvik sogelag sitt framlegg)		Elv, frå samrensla av Kvannjolo og Kvitli til Slondalsvatnet	<u>Vurdering (framh.):</u> Men Brau- /brèu-/ er ein annan diftong enn ao, og -au- i dialektane er det vanleg å skriva som -au- i det nynorske skriftspråket. I Norrøn ordbok (2015) er elvenamne Brau-aonæ nemnt i samband med det gamalnorske gardsnamnet Brauðin, i dag Brøden i Halden. I Norske Gaardnavne står det at Brauðin er eit vin-namn, der førelekken kanskje er brauð n. 'brød'. Ordet brød vert til vanleg uttalt /brø:/ i Hardanger, men det er ikkje utenkjeleg at den gamle uttalen av ordet kan ha halde seg betre i dette stadnamnet enn i appellativet brød. Hardingmålet er eit utprega diftong-mål, og ei regelrett utvikling av ordet brauð ville tilsagt at diftongen framleis hadde vorte halden. Det er nok ytre påverknad som har ført til lydutviklinga frå /brau(ð)/ til /brø:/, og gamle stadnamn er ikkje utsette på same måten for slik ytre påverknad. Det er uvanleg med ordet "brød" i elvenamn, og ein kan ikkje sjå bort frå at det kan vera eit anna ukjent ord som ligg til grunn for namnet. Ein kan uansett slå fast at førelekken neppe kjem av orda brei eller bru, og ein skrivemåte Brei- eller Bru- ville vera misvisande for meiningsinnhaldet i namnet, og kjem difor i strid med § 1 fyrste ledd i lov om stadnamn. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn fastset at når meiningsinnhaldet er ukjent, skal ein i større grad ta utgangspunkt i uttalen ved fastsetjing av skrivemåten. Det tilseier Brau- i førelekken i dette namnet. Etterlekken får skrivemåten -åni, jf. løpenr. 8. Brauåni vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.
12	1084424	Brauåni (Ulik sogelag sitt framlegg)	Brauåni	Seter/støl	Jf. løpenr. 11.
13	974571	Bruåni (Matrikkelen)		Adressenamn	Kommunen er vedtaksorgan <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Bruåni.

14	203480	Djupedal (Ulvik sogelag sitt framlegg) Rjupnadal (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	(går ut or SSR)	Dal, nord for Øvre Sveig	<u>Vurdering:</u> Namnet går ut or SSR, jf. vurderinga på løpenr. 15.
15	281567	Djupedal (ØK - AV061-5-2)	Rjupnadal	Dal, aust for Øvre Sveig	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Djupnadal som éi oppføring med dialektforma Jupnadal og merknaden "Bekkedalen Øv.Sveig mot Skrulsvatnet". I ei anna oppføring står Rjupnadal som normert form, den òg med Jupnadal som dialektform, og med merknaden "Dal m/tjørn. Start på Gjenstigelve/lita tjørn." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Rjupnadal som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Sveig; av rjupa f." <u>Skrifttradisjon:</u> Namnet er ikkje brukt i offentlege kart nord for Øvre Sveig. I kartversjonen av namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider er derimot Rjupnadal plassert nordom Øvre Sveig, medan Djupadal (feilskrift? Tilsvavar Djupnadal i namnelista) er plassert aust for Øvre Sveig. Djupedal står aust for Øvre Sveig i økonomisk kartverk frå 1964, medan Djupedalen står aust for Øvre Sveig i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2008. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Djupnadal. Dei skriv at dette er ein djup dal nord for Øvre Sveig, og at det berre er snakk om éin dal i området. Dei legg til at Rjupnadal kan vera ein eldre variant av den munnlege uttalen av Djupnadal, jf. Heggstad sin bruk av Rjupnadal. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Rjupnadal. Dei jamfører med namnet Rjupnadalen i Ullensvang, der det i ei stadnamnsamling står at det alltid har vore mykje rype der. Dei oppfattar sogelaget slik at løpenr. 14 og 15 gjeld same namnet. <u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.

15	281567	Djupedalen (1316-2)		Dal, aust for Øvre Sveig	<u>Vurdering:</u> Det er to spørsmål å ta stilling til i denne saka, om 14 og 15 skal reknast som eitt eller to namneobjekt, og kva skrivemåte namnet eller namna skal ha. Merknaden "Bekkedalen Øv.Sveig mot Skrulsvatnet" samsvarar med det som i dette namneskjemaet er kalla "Dal, aust for Øvre Sveig", og som strekkjer seg i nordaustleg retning frå Øvre Sveig til Skrulsvatnet. Det er den dalen som har vore namngjeven som Djupedal(en) i økonomisk kartverk og i Norge 1:50 000. Me reknar med at Ulvik sogelag har rett i at det berre er éin namngjeven dal i området, og det verkar òg heilt usannsynleg at det skulle vera to dalar med likelydande namn like attmed kvarandre. Kartverket legg til grunn at namneposisjonen i offentlege kart har vore korrekt, og at det er dalen mellom Øvre Sveig og Skrulsvatnet som er den einaste rette lokaliteten for dette namnet i området ved Sveig. Når det gjeld skrivemåten, må Djupedal og Djupedalen derimot vera mistydingar av den lokale namneforma /jupnada:l/. I gamalnorsk hadde ordet rype forma rjúpa i nominativ eintal, men forma rjúpu i genitiv eintal, og rjúpna i genitiv fleirtal. Stadnamnet tyder altso 'dal med ryper', og har ikkje noko med djup å gjera. Adjektivet djup i hankjønn eintal hadde forma djúpi i linn bøying i nominativ og djúpa i oblike kasusformer i gamalnorsk. Adjektivet kunne ikkje få forma *djúpna i noka grammatisk bøyingsform. Den stumme bokstaven fyrst i namnet må difor vera r som i rjupa, og ikkje d som i djup. Det samsvarar òg med uttaleforma Heggstad har notert tidleg på 1900-talet. Rjupnadal vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Kartverket vil nytta namnet om dalen mellom Øvre Sveig og Skrulsvatnet.

16	1090068	Fagradalen (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	<i>Fagradalen</i>	Botn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fagradal'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Vid, open fjelldal/botn. Fint fjellområde. Opp og aust for Slondal." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Fagradalen som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Taumaset, Slondal." <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen kjend skrifttradisjon. Fagradalen er brukt i kartversjonen av namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fagradalen, og syner til Heggstad. Arne Skjerven ynskjer Fagerdalen som skrivemåte. Han peikar på at namnet ikkje har stått i kart, men at det burde vera der. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fagradalen, og skriv fylgjande: "Sidan Heggstad her har registrert namneforma 'Fagradalen' (i staden for 'Fagerdalen'), finn me det mest sannsynleg at førelekken i namnet er uttala 'Fagra-' etter gammalt. (I nabokommunen Ullensvang er det SSR-registrert fleire namn med forma Fagradal(en)." <u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering. Både Heggstad og stadnamnsamlinga på Ulvik herad sine nettsider har Fagra- som lokal namneform. Slike stadnamn med kasusformer i førelekken er gamle, og finst ofte i stadnamn der terrengordet i etterlekken har ubunden form, men i dette namnet er bunden form - dalen likevel eintydig dokumentert. Fagradalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
----	---------	--	--------------------------	------	--

17	796095	Fagerdalsvatnet (1416-3) Fagradalsvatnet (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Fagradalsvatnet	Vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fagradalsvatnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Stort fjellvatn. I Fagradalen, mellom Slondal og Øykjafonn. I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Fagradals-vatne som uttalenær skrivemåte, med merknaden "(eit stort vatn), -votnæ (two smaa vatn), Slondal." <u>Skrifttradisjon:</u> Fagerdal V i eit kart over Bergensbanen frå 1909, Fagerdalsvn i Norge 1:50 000 frå 1952, Fagerdalsvnt i Norge 1:50 000 frå 1982 og 1995, Fagerdalsvatnet i Norge 1:50 000 frå 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fagradalsvatnet, og syner til Heggstad. Arne Skjerven ynskjer Fagerdalsvatnet som skrivemåte. Han nemner skrivemåten Fagerdalsvatn i eit kart frå 1909, og Fagerdalsvatnet i eit kart frå 1924, og han meiner at det siste òg er det som er brukt munnleg i dag. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fagradalsvatnet. <u>Vurdering:</u> Namneforma Fagra- er dokumentert både hjå Heggstad og i stadnamnsamlinga på Ulvik herad sine nettsider, jf. løpenr. 16, og me legg til grunn at det er den nedervde forma av namnet. Fagradalsvatnet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
----	--------	--	------------------------	------	---

18	674097	Småfagerdalsvatni (1416-3)	Småfagradalsvotni (hovudnamn) / Småfogrevotni (undernamn)	Gruppe av vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Smaofagradalsvatnè - øfsta / - nista oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Små fjellvatn. Mellom Kvannjolnuten og Fagradalen. Ein annan stad i samlinga står Smaofagravotne opplyst som daglegtale-form av fellesnamnet, og ein tredje stad står Nedsta Smaofagravatnet som namneform på det nedste av vatna. I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Smaofogrevøtnæ som uttalenær skrivemåte, med mrk. "Brauaonæ". I heradsregisteret frå 1992 står "Smaalogrevotnæ" som namneform, men det må vera feilskrift for Smaoføgrevothæ. <u>Skrifttradisjon:</u> Småfagervni i Norge 1:50 000 frå 1952, Småfagerdals-vni i Norge 1:50 000 frå 1982 og 1995, Småfagerdalsvatni i Norge 1:50 000 frå 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Småfagradalsvatna, og hevdar at informantar nyttar den namneforma. Dei syner elles til namneforma Smaoføgrevothæ hjå Heggstad. Arne Skjerven ynskjer Småfagerdalsvatni som skrivemåte. Han nemner skrivemåten Smaafagerdalsvotni i eit kart frå 1924. Han meiner Småfagerdalsvatni er det som er brukt munnleg i dag. <u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "Me skjønar det slik at det etter gammalt er sagt /-våtnè/. (Jamfør med den namneforma som er lagd ut på Ulvik herad sine nettsider og det som er registrert i samlinga etter Heggstad.) Namnet bør skrivast Småfagradalsvotni." (Framh.)
----	--------	-------------------------------	--	----------------	--

18	674097	Småfagradalsvotni (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)		Gruppe av vatn	<u>Tilråding (framh.)</u>: "Når det gjeld bruk av skrivemåten votn, syner me til punktet 3.8 i dei utfyllande reglane. Der står det slik: «Namneledd med ein nedervd lokal uttale som har nær samanheng med gammalnorske former, kan skrivast i samhøve med uttalen (lid for li, strond for strand).» I dei indre delane av Hordaland er skrivemåten votn vedteken i ein god del namnesaker." Dei har lagt ved ei fil der namn med den forma i SSR er lista opp. <u>Vurdering</u>: Korkje -vatna eller -vatni kan vera brukt munnleg, slik høyringspartane hevdar, det må vera -vatnè eller -vòtnè som er brukt, jf. Smaofogrevòtnæ hjå Heggstad, for dialekten har open e-ending i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord. Namneforma Smaofagravotne i samlinga på Uvik herad sine nettsider høver ikkje heilt med systemet i målføret, og det rette er nok då helst Smaofogrevòtnæ, som hjå Heggstad og i heradsregisteret. Forma -fogre- (må vera fògre-) er interessant, og syner ei gamal inkjekjønn fleirtalsform, i gamalnorsk fògru. Forma -fògre- er framleis i bruk, etter heradsregisteret å døma. Det er her grunnlag for å fastsetja to former, éi med -dals- og éi utan. Mellomlekken -fagra-/-fogre- må få ein skrivemåte i samsvar med uttalen. Uttalen av denne namnelekken varierer alt etter om han knyter seg til -vòtnæ eller -dals-, slik at -fogre- knyter seg til inkjekjønn fleirtal -vòtnæ, medan -fagra- knyter seg til hankjønn eintal -dal-.
18	674097	Småfogrevotni		Gruppe av vatn	<u>Vurdering (framh.)</u>: Etterlekken må få fleirtalsform, jf. at det er to vatn her. Det finst normeringspraksis for forma -votni i regionen, slik Språkrådet syner i tilrådinga si, og det gjeld òg i Ulvik, der Vedåvotni vart vedteke i 1996. Det er difor grunnlag for å fastsetja den relativt talemålsnære forma -votni, slik dei tilrår. Namneforma Småfagradalsvotni må reknast som "fullforma" av namnet, medan Småfogrevotni helst må sjåast som ei gamal forkorting. Det er difor rimeleg å setja Småfagradalsvotni som hovudnamn i tråd med ynskjet frå høyringspartane. Småfagradalsvotni vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Småfogrevotni vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn og punkt 3.8 i dei utfyllande reglane.

19	985787	Falldalen (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Falldalen	Dal	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fadldal'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Dalføre. Frå Fessena til Fadlet." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Falldalen som uttalenær skrivemåte i tilknytning til Fadle, som har merknaden "(bratt kleiv ned til Tyssedal). Dertil: Fadlhaug, Fadldalen." <u>Skrifttradisjon:</u> Faldalen i ei rektangelmåling frå 1864. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Falldalen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Falldalen, og syner til primærnamnet Fallet, som er vedteke frå før. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Falldalen er uproblematisk, jf. Fallet. Falldalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
20	988096	Fereiskorane (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Fereiskorane	Hylle	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fereiskòranè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fjellskòrar. Sørvest for Fereiskòrnut. Av å reida fe = føra fe til støls?" I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Fereiskorane som uttalenær skrivemåte, med merknaden "ovfr. Sveig". <u>Skrifttradisjon:</u> Færiskaar i ei rektangelmåling frå 1864. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fereiskòrane, og nemner ein gamal stølsveg der. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fereiskorane. Dei skriv at føreleken i namnet venteleg har bakgrunn i dette at det har vore fedrift på den vegen som går her. <u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.

20	988096	Færiskaar (Rektangelmåling frå 1864)		Hylle	<u>Vurdering:</u> Førelekken i namnet kjem neppe av eit uttrykk "å reida fe". Verbet reida tyder 'føra på hesteryggen, frakta med hest'. Søk i ordbøker og i større tekstkorpus tyder på at å "reida fe" ikkje har vore noko idiomatisk uttrykk på norsk. Feet tok seg nok til støls for eigen motor, so det er heller ikkje rimeleg å tru at dei reidde feet når dei drifta husdyra til støls. Det er uvisst kva førelekken i namnet kjem frå. Språkrådet kan ha rett i at det har med fedrift å gjera, slik at førelekken kan vera ei samansetning fe-rei, jf. at rei f. kan tyda 'fylgje av folk og/eller fe'. Ei anna moglegheit er at staden har namn etter kunamnet Færeid/Ferei. Det er i so fall ikkje unikt at ei skor i Hardanger har namn etter kunamn, jf. Sprangreidskør i Ullensvang, som ifylgje Hordanamn har namn etter at kua Sprangreid fór utfor der. Men når opphavet er uvisst, fastset § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn at ein i større grad skal vektleggja uttalen og normera etter gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Det tilseier Ferei- i førelekken. Namnelekken -skor- av skor f. 'fjellhülle' får ein skrivemåte i samsvar med gjeldande rettskriving. Fereiskorane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

21	985786	Fessene (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Fessene	Foss	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fessena oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fossar. Innom stølen, elva renn i mange fossar". Fessafossen og Fessaflaten står der som namn utan stadfesting. I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Fessafossen som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Tyssedal". Jf. òg uttaleopplysninga for vatnet ved staden ("Fessena (eller Fessavatne)") på løpenr. 23. <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen kjend skrifttradisjon. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fessena, og syner til Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fessene. Dei peikar på at regelverket ikkje gjev grunnlag for bruk av skrivemåten -ena. <u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering. Gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk tilseier skrivemåten -ene, og det er òg i samsvar med normeringspraksisen elles for stadnamn i Ulvik. Fessene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
22	614896	Fessanuten (1316-2, vedteke 23.10.1996)	Fessanuten	Topp, òg i Voss herad	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fessanut'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Høg nut. Grense til Voss". <u>Skrifttradisjon:</u> Fessanut i Norge 1:50 000 frå 1952, Fessanuten i Norge 1:50 000 frå 1978, 1995, 1996 og 2008. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fessanuten. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fessanuten. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten av namnet er uproblematisk. Samansetningsmåten med -a- fylgjer av punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen." Fessanuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

23	735893	Fessavatnet (1316-2, vedteke 23.10.1996)	Fessavatnet	Vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fessavatnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Vatn. Ovanfor Fessena". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står "Fessena (eller Fessavatne)" som uttalenær skrivemåte, med merknaden "vatn med fossar millom, Tyssedal." <u>Skrifttradisjon:</u> Fessavn i Norge 1:50 000 frå 1952, Fessavnt i Norge 1:50 000 frå 1978 og 1995, Fessavatnet i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2008. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fessavatnet, og syner til Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fessavatnet. <u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 22. Fessavatnet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

24	674106	Fløyelsvatni (1416-2) Fløyelsvotni (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Fløyelsvotni (hovudnamn) – <i>Fløyelsbrotvotni</i> vert sett som historisk	Gruppe av vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fløyelsvòtnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Tre vatn nordvest for Skipanuten". <u>Skrifttradisjon:</u> Fløyelsvatni i gradteigskart frå 1945, 1956, 1960 og 1974 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fløyelsvotne, og syner til stadnamnsamlinga for Ulvik. Arne Skjerven skriv at han i munnleg bruk høyrde fleire fødde straks etter 1900 som sa Fløyelsbrotvotni. Han nemner Fløyelsvatn på eit kart frå 1909, og Fløielsvatni i eit kart frå 1924. Han meiner Fløyelsvatni i nyare kart må vera rette skrivemåten. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fløyelsvotni, og syner til tilrådinga deira på løpenr. 8 og 18. <u>Vurdering:</u> Det verkar rimeleg at Fløyelsbrotvòtnè har vore ei lokal namneform tidlegare, slik Arne Skjerven skriv, for eit av desse Fløyels-namna må rimelegvis vera primærnamn til dei andre namna. Fløyelsvotni er nok då ei elliptisk (forkorta) form av den eldre forma Fløyelsbrotvotni. Men sidan Fløyelsvotni utan -brot- truleg er einerådande i lokal bruk i dag, og den forma er den einaste som har vore i skriftleg bruk, er det rimeleg at den vert vidareført i samsvar med lokale ynskje. Jf. elles vurderinga på løpenr. 8 og 18. Fløyelsvotni vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Fløyelsbrotvotni vert sett som historisk namn.
----	--------	---	--	----------------	---

25	857100	Fløyelsbråten (1416-2) Fløyelsbrotet (Ulvik sogelag sitt framlegg)	Fløyelsbroti	Fjellside	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fløyelsbrøtè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Bakkar. Nord for vatna. Fløyel = mjuke, frodige bakkar. I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Fløyelsbrøtæ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "uendeleg mykje blomster der". Heradsregisteret (1992) har Fløyelsbråtæ som namneform. <u>Skrifttradisjon:</u> Fløielsbraaten i ei rektangelmåling frå 1864, Fløyelsbråten i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fløyelsbrøtet, og syner til skrivemåten Fløyelsbrøtæ hjå Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fløyelsbrotet utan grunngjeving. <u>Vurdering:</u> I Heggstad si namnesamling står namnet skrive Fløyelsbrøtæ med -æ. Tradisjonelt har ulvikamålet trong e i bunden form eintal av inkjekjønnsord, og open e eller -æ i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord. Hjå yngre generasjonar i dag har desse formene falle saman, slik at skilnaden er uhøyrleg, men på Heggstad si tid var det ein tydeleg skilnad. Forma hjå Heggstad fortel oss at dette namnet er eit fleirtalsnamn. Motsvarande brukte han forma -brøte eller -brote i eintal, jf. Klovdals-brote, Liastøls-brøte og Tveite-brote i namnesamlinga si. Normeringspraksis i Ulvik er å skriva stadnamna med i-ending der talemålet har endinga -æ, jf. løpenr. 8 ovanfor. På denne staden må det vera to eller fleire brot namnet knyter seg til, og namnet må dermed få fleirtalsform i samsvar med tradisjonell uttale. Fløyelsbroti vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 2 i dei utfyllande reglane.
----	--------	---	---------------------	-----------	--

26	1084433	Fløyelsbrotnuten (KV sitt framlegg)	Fløyelsbrotnuten	Topp	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Fløyelsbrøtnut oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Nut 1578m. Nordvest for Fløyelsvatnet". <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen kjend skrifttradisjon. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Fløyelsbrøtnuten. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fløyelsbrotnuten. <u>Vurdering:</u> Basert på dei vanlege mønstra elles i stadnamn i Ulvik, er det rimeleg å venta at dette namnet tradisjonelt har bunden form, slik sogelaget òg ynskjer for dette namnet. Det verkar difor rimeleg å fylgja Språkrådet si tilråding, jamvel om dette ikkje samsvarar med forma som står i namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider. Fløyelsbrotnuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

27	976246	Gommen (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider) Gummen (Boka "Ulvik i fortid og nutid 2", s. 276)	Gummen	Stein	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Gùmmen oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Rund, kvit stein. På haugen. Karane kunne leggja ei kløv når dei letta steinen." I same samlinga står òg Gùmmastain'n med merknaden "Eit anna namn på Gummen." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Gummen² som uttalenær skrivemåte, med merknaden "ein stein. Den steinen maa dei letta upp for bringo dei som skal greida klyvja heim ei primklyv." <u>Skrifttradisjon:</u> "Gummen eller Gomen" i boka Stølar i Ulvik frå 2015, der namnet har merknaden "Liknar på ein ost?" <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Gummen, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gummen, og skriv at det verkar mest tilrådeleg å la namnet verta skrive i tråd med den munnlege namneforma. <u>Vurdering:</u> Gumme m. kan tyda 'ost av bresta mjølk' eller 'dravle', og er ein matrett som er kjend i Hardanger. Sidan staden ligg ved stølsvegen, er det ikkje unaturleg om denne tydinga ligg til grunn. I so fall kan det liggja ei samanlikning eller ei hending bak namnet. Ordet er normert som gumme på nynorsk og gomme på bokmål. Ut frå lydkvaliteten er det rimeleg å leggja nynorsk normering til grunn for skrivemåten. Gummen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
----	--------	---	---------------	-------	---

28	735980	Gommahaugen (1316-2. Vedtak 1994/12330018/418.)	Gummahaugen	Fjelltopp	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Gummahaujen oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Høgd/hals. Høgda der vegen gjeng ned til Brauaone." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Gummahaugjen som uttalenær skrivemåte, med merknaden "nord for Tyssedal, ved Gummen." <u>Skrifttradisjon:</u> Gommahg i Norge 1:50 000 frå 1952, Gommahaugen i Norge 1:50 000 frå 1978, 1995, 1996 og 2008, Gummahaugen i boka Stølar i Ulvik, der det står at det er høgste punktet på stølsvegen, om lag 1250 moh. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Gummahaugen, og syner til Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gummahaugen, jf. løpenr. 27. <u>Vurdering:</u> Gummahaugen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, jf. løpenr. 27.
29	985785	Hattafjellet (Forslag frå informant via Rett i kartet)	Hattafjellet	Fjell	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Hattafjedlè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Nut. Over Tyssedal, liknar på ein hatt." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Hattafjedle som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Tyssedalen, uppaa der er ein stein som liknar ein hatt." <u>Skrifttradisjon:</u> Hattafjell i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Hattafjellet, og syner til Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hattafjellet, og peikar på at regelverket ikkje gjev grunnlag for skrivemåten -fjedle(t). <u>Vurdering:</u> Ålment kjende ord og namnelekkar skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Etterlekken må difor skrivast -fjellet, slik Språkrådet skriv, og det er òg ynskt lokalt. Hattafjellet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

30	6186	Heimavatnet (1416-3) Heimstavatnet (KV sitt framlegg)	Heimstavatnet (hovudnamn) / Jonstølsvatnet (undernamn)	Tjørn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Heimstavatnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Anna namn på Jonstølsvatnet." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Heimstavatne som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Jonsstøl, Døgrsdalen." <u>Skrifttradisjon:</u> Jonstøl Vd i ei rektangelmåling frå 1864, Jonstølsvatnet i økonomisk kartverk frå 1983, Heimavn i Norge 1:50 000 frå 1952, Heimavnt i Norge 1:50 000 frå 1982 og 1995, Heimavatnet i Norge 1:50 000 frå 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Heimstavatnet, og syner til Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Heimstavatnet. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Heimavatnet er nok berre ein skrivefeil, for Heimstavatnet er den skrivemåten som har grunnlag i lokalt talemål. I regionen er førelekken Heimste-/Heimsta- vanleg i stadnamn som motsetnad til Inste-/Insta- for å markera kva som ligg nærmast heimen, dvs. garden. I dette tilfellet står namnet i motsetnad til Instavatnet og Midvatnet, som ligg ligg lenger oppe mot søraust. I dag står Jonstølsvatnet som undernamn i SSR. Det namnet vart ikkje handsama saman med dei andre Jonstøls-namna i Ulvik som fekk skrivemåten vedteken i april i fjor, og det er difor naturleg å handsama det i denne saka. Namnet Jonstølsvatnet har ein uproblematisk skrivemåte, og skrivemåten Jonstøls- er i samsvar med Jonstølslii og Jonstølselvi, to andre namn avleidde av Jonstøl. Heimstavatnet vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Jonstølsvatnet vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.

31	432096	Hervardseggi (1416-3)	Hervardseggi	Rygg	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står "Hervarseggjè (Haov-?)" oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fjellrygg 1271 m.o.h. Mellom Langavatnet og Fagradalsvatnet." På det tilhøyrande stadnamnkartet på Fonnakart står Horgvardseggje som namneform. I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Horvarseggjæ som uttalenær skrivemåte, med merknaden " (Horvals-, kartet: Hervards-) fjell, Langevasstølen." I ei namnesamling i heradsregisteret frå 1991 står både Horgvardseggjæ og Hervardseggjæ som namneformer, og med uttaleformene /Hå:rvarsæ:je/ og /hæ:rvarsæ:gje/, båe opplyste av Kristofer F. Hjeltne (f. 1913). <u>Skrifttradisjon:</u> Hervardseggen i ei rektangelmåling frå 1864, Hervardseggi i gradteigskart frå 1940, 1945, 1964 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1964, 1982, 1995, 1999 og 2010. Hervardseggen er òg brukt i boka Gjennem Hardanger – reisehaandbog over Hardanger frå 1912, og Hervardseggi er òg brukt i boka Aurland bygdebok 2 B frå 2009. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Hervardseggje. Dei syner til Heggstad, og nemner at det er noko usikkerheit hjå informantane om uttalen. Arne Skjerven ynskjer Hervardseggi som skrivemåte. Han nemner Hervardseggi som skriftform i eit kart frå 1909 og Hervardseggen på eit kart frå 1924. <u>Tilråding:</u> Sjå nedanfor.
----	--------	-----------------------	---------------------	------	--

31	432096	Horgvardseggi (KV sitt framlegg) Horvarseggi (ØK)		Rygg	<u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "Det verkar sannsynleg at andre stavinga i dette namnet heng saman med ordet varde (m.) (eller med den sterke substantivforma vord). Det tykkjest difor vera mest tilrådeleg å la denne stavinga bli skriven med d. Me støttar framlegget frå Arne Skjerven om å la skrivemåten Hervardseggi bli vedteken. Sogelaget går òg inn for at utmerkingslekken blir skriven Hervards-. (Jamfør elles med det me har skrive i post 8 om valet mellom i-endingar og e-endingar.)" <u>Vurdering:</u> Om ein skulle leggja den munnlege namneforma opplyst hjå Heggstad til grunn i denne saka, ville skrivemåten ha vorte Horvardseggi med Hor- i førelekken, jf. /Hå:r/ (skal truleg lesast /hår:-/) i namnesamlinga frå 1991. Skrivemåten Her- er nok ein gamal skrivefeil som har vorte produsert i kart. Det er mogleg opphavet til førelekken kan vera ordet horg, slik namneforma Horgvardseggjæ i kartløyisinga for stadnamnsamlinga på heradet sine nettsider synest å leggja til grunn, men det er berre ein teori. Den langvarige bruken av Hervar- i ulike kjelder ser ut til å ha fått gjennomslag i lokal bruk i dag, jf. at både sogelaget og Arne Skjerven ynskjer den namneforma. Det er soleis mogleg at forma Her- er vorten einerådande i dag. Med støtte i at forma Her- vert førd opp som alternativ i alle dei aktuelle namnesamlingane, og at denne forma er einerådande i kart i lang tid attende, finn me grunnlag for å fastsetja skrivemåten Her-, som er ynskt lokalt. Mellomlekken -var(d)- må ein med høg grad av sannsyn rekna med at kjem av ordet varde, og då må d-en med i namnet. Når det gjeld skrivemåten av -eggi, syner me til løpenr. 8 ovanfor. Hervardseggi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

32	987541	Jeriken (Informant via Rettikartet) Jerikjen (Sogelaget sitt framlegg)	<i>Jeriken</i>	Haug	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Jèrikjen oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Haug. Nordom Fadratjødn v/vegen til Vesete. Tyder?" I den same namnesamlinga står Jeriknuten oppført som stadnamn utan stadfesting. I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står "Jerikjen² el. Jerikenuten" som uttalenære skrivemåtar, med merknaden "Vesete". <u>Skrifttradisjon:</u> Jeriken i bøkene Til fots. 1 : Fjellruter i Sør-Norge frå 1935 og 1949, Til fots på Hardangervidda frå 1970 og 1977 og Stølar i Ulvik frå 2015. I boka Mjølfjell i fjern og nær fortid frå 1996 står det "Jeriken (Jerikjen, Jerikanuten)", og at namnet ifylgje Einar Øvsthus er ei gamal nemning på 'noko som står opp'. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Jerikjen, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Jeriken, og jamfør med at det til dømes vert skrive Kriken der det er sagt "Krikjen". <u>Vurdering:</u> Eit liknande namn Gjerike /jè: rìkə/ finst i Granvin, der det primært er namn på eit bratt sla eller juv der det går ein gamal bygdeveg opp mot garden Hause. På den staden har ein òg avleidde namn som Jerikasteinen og Jerikaberget (= Hauseberget), former som tyder på at det ikkje er inkjekjønnsordet rike som ligg til grunn for etterlekkjen. I Tysnes førekjem Jerikefossen /je: rikkE fÅss'n/ og /jè rìkE brèkko/ som namn, der med einstavingstonelag. Det ser ikkje ut som denne namnelekkjen er sikkert tolka av namnegranskarane. Halldor Opedal skriv fylgjande om vegen opp til Hause: "Gjerikevegen er sværande bratt. [...] Brøtet hev som ei gjerreik: det er smalare uppe enn nede - og tå dette kjem namnet." [Framh.]
----	--------	---	----------------	------	---

32	987541	Gjeriken (Jf. Gjerike i Granvin)		Haug	Ordet som Opedal syner til, er normert som gjerdreik i Norsk Ordbok, der det er ført opp med tydinga "det at eit lagga kjerald er vidare i eine enden; gjerdemon", "øg om smalning oppetter på ei kiste". Der står gjerek som ei alternativ form av ordet. I boka Granvin i fortid og nutid frå 1923 skriv O. Olafsen følgjande: "Veien førte op gjennom en brat kleiv, Jerikjekleiven, som oftere findes omtalt og stundom kaldes Jeriko." Det hender at norske stadnamn har bibelske motiv, og det kan ein ikkje sjå bort frå her heller, endå tostavingstonelaget i uttalen talar imot det. Om Jeriken, som førekjem i hankjønn på staden i Ulvik som denne saka gjeld, meiner altso Einar Øvsthus at namnet kjem av ei gamal nemning for "noko som står opp, men me har ikkje lukkast i å finna noko liknande ord med ei slik tyding i ordbøkene. Namnet har ikkje noko skrifttradisjon for Gj- som skrivemåte. Når etymologien òg er so usikker som han er for dette namnet, synest det mest tilrådeleg å leggja større vekt på uttalen av namnet, og normera etter gjeldande rettskrivingsprinsipp, slik § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn fastset. Hankjønnsendinga tilseier at j-en ikkje bør med i skrivemåten, jf. Språkrådet si tilråding, for slik palatalisering i trykklette stavingar i uttalen av hankjønnssord er ikkje i tråd med norske rettskrivingsprinsipp. For dette namnet er då òg Jeriken den vanlegaste skrivemåten. Jeriken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

33	917086	Kaldavatni (1416-3) Kaldavotni (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Kaldevotni	Gruppe av vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Kaldavòtnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fire vatn på rekkja nord - sør. Is og snø ligg lenge." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Kaldevatne som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Kaldevassdalen, ovanfor Uppsete." I heradsregisteret (1940) for Aurland står /kaldævattni/ og /kaldavatnə/ som uttaleformer. Der står det at den sistnemnde namneforma er brukt om det største vatnet. <u>Skrifttradisjon:</u> Kaldevotni i gradteigskart frå 1940, 1954, 1960, 1964 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Kaldavatni i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Kaldavotne, og syner til forma Kaldevatne hjå Heggstad og Kaldavotne i stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kaldavotni, jf. løpenr. 18. Dei skriv at området der dette namnet er plassert på sida Norgeskart, heng saman det området der namnet på løpenr. 34 er plassert. Alle dei aktuelle vatna ligg i ei rimeleg tett rekkje i eit langt og beint dalføre. Dei tilrår difor å operera med berre éin namnepost i SSR. <u>Vurdering:</u> Forma Kaldavotne, med -a i adjektivet kald i fleirtal, høver ikkje med målføret i Ulvik og elles i Hardanger, der adjektiv tradisjonelt har endinga -e føre hankjønns- og inkjekjønnsord og -a føre hokjønnsord. Utviklinga generelt i målføra er at hokjønnsord òg får e-ending i fleirtal, so forma Kaldavotnè høver dårleg både med eldre og nyare dialekt. I eintal er derimot -a rett i linn bøying føre eit inkjekjønnsord, so Kaldavatnet ville lyda rett. (Framh.)
----	--------	---	-------------------	----------------	--

33	917086	Kaldevotni (1416-3 1952 og gradteigskart)		Gruppe av vatn	<u>Vurdering (framh.):</u> Aurlandsmålet har det same systemet som i Hardanger, so ein møter dei formene ein skulle venta i vekslinga mellom /kaldavatnə/ (eintal) og /kaldəvattni/ (fleirtal). Forma Kaldevatne hjå Heggstad ser ut som ei blandingsform, og kan knapt vera rett, men den avleidde namneforma Kaldevassdalen hjå Heggstad stadfester iallfall forma Kalde-, og det same gjer dei to andre avleidde namna /kaldəvassnutən/ og /kaldevasskødlən/, noterte i Aurland. Både forma Kaldavòtnè i namnesamlinga frå Ulvik, Kaldevatne hjå Heggstad og Kaldavatni i nyare kart må soleis reknast som hybridformer , medan namneforma Kaldevotni i gradteigskart og /kaldəvattni/ notert frå Aurland må vera uttrykk for den korrekte og genuine forma på fellesnamnet på dei fire vatna. Som elles i Ulvik legg me uttalen /-vòtnè/ (dvs. -våtnə) til grunn for normeringa av namnelekken vatn i bunden form fleirtal. Kaldevotni vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
34	857875	Kaldavatni (1416-3) Koldavatni (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider) Kaldevotni (1416-3 1952 og gradteigskart)	(går ut or SSR)	Gruppe av vatn	<u>Vurdering:</u> Språkrådet tilrår å operera med berre éin namnepost for Koldevotni ettersom alle vatna med dette namnet ligg i ei rimeleg tett rekkje i eit langt og beint dalføre, og Kartverket deler den vurderinga. Det kom ikkje fram opplysningar om nokon eigne namn på kvart av einskildvatna her, og dermed er det heller ikkje aktuelt å fastsetja individuelle namn på dei i denne saka. Kartverket slår saman løpenr. 34 med løpenr. 33, og namnet på løpenr. 34 går dermed ut or Sentralt stadnamnregister (SSR).

35	917093	Kaldavassnuten	Kaldevassnuten (hovudnamn) / Kaldevasskollen (undernamn)	Fjelltopp, i Aurland kommune	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Kaldavassnut'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Nut. N for Kaldavotne. Grensevarde mot Sogn." Namnet står ikkje i artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925), men han nemner Kaldevassdalen som talemålsnær form av eit anna avleia namn (løpenr. 35a). I heradsregisteret (1940) står /kaldəvassnutən/ og /kaldevasskødlən/ som uttaleformer, med merknad om at det siste er det vanlege (i Aurland). <u>Skrifttradisjon:</u> Kallevaskollen i ei rektangelmåling frå 1864, Kallevasnut i amtskart frå 1874, 1918, 1928 og 1949, Kaldavassnt i gradteigskart frå 1940, 1954, 1960, 1964 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Kaldavassnuten i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Kaldavassnuten. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kaldavassnuten, og skriv at det må vera avleitt av namnet Kaldavotni. <u>Vurdering:</u> Namnet er ei avleiing av Kaldevotni, og uttalen er notert med -e i Kalde- både hjå Heggstad og i heradsregisteret frå Aurland. Det høver med systemet i dialekten båe stader, og Kartverket legg difor dét til grunn for skrivemåten av namnet, jf. løpenr. 33. Sidan Kaldevasskollen er eller har vore vanleg som namn i Aurland, og det står nemnt i somme grensebeskrivingar for heradsgrensene, kan det namnet òg verta formalisert for offentleg bruk. Sidan Kaldevassnuten er mest brukt i kart, er det mest naturleg å vidareføra det som hovudnamn, medan Kaldevasskollen vert sett som undernamn. Kaldevassnuten vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, og Kaldevasskollen vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.
35a	1092736	-	Kaldevassdalen	Dal, der Kaldevotni ligg	<u>Uttale:</u> I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Kaldevassdalen som uttalenær skrivemåte, med merknaden "ovanfor Uppsete." <u>Skrifttradisjon:</u> Kaldevassdalen i ei rektangelmåling frå 1864. <u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 33 og 35.

36	9174495	Kaldavasshytta / Kaldevasshytta		Adressenamn	Kommunen er vedtaksorgan, bør samordnast med DNT, jf. hyttenamnet <u>Skrifttradisjon</u>: Kaldavasshytta gjev 26 boktreff og 121 avistreff på Nasjonalbiblioteket, medan Kaldevasshytta gjev 61 boktreff og 240 avistreff. <u>Høyringsvar</u>: Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Kaldavasshytta. <u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Kaldavasshytta.
37	1088229	Knostebakkleivi (KV sitt framlegg)	Knostebakkleivi	Bakke (Veg)	<u>Uttale</u>: I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Knøstebakklaivè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Bratt kleiv. Øvst i Knostebakkane, i vegen til Mjølbøtn". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står (Knostebakkane og) Knostebakk-kleivæ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Slondal–Mjølfjell." <u>Skrifttradisjon</u>: Knostebakkleive i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringsvar</u>: Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Knostebakkleive, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Knostebakkleivi, jf. løpenr. 8. <u>Vurdering</u>: Førelekken i dette namnet er venteleg knødost '(skarp) ost (laga av surmjølk) som ein knodar og har salt og karve i; pultost', der verbet knøda 'kna' ligg til grunn for førelekken. Dette ordet er notert med den samantrekte uttalen knøst frå Voss, altso i samsvar med uttalen av det aktuelle namnet. Ord knytte til mjølk, ost og andre matvarer laga av mjølk er ikkje uvanlege i stadnamn langs stølsvegane, jf. løpenr. 27. Skrivemåtane Knodostebakkleivi eller Knødostebakkleivi hadde vore moglege alternativ her, men det ville nok gjera skriftbiletet framandarta og lite attkjennande for dei som har eit forhold til namnet. Det er nok få som har høyrte om knødost i dag, so det kan ikkje reknast som eit ålment kjent ord eller namneledd. Då opnar § 1 fyrste ledd i forskrifta for at ein i større grad kan leggja vekt på uttalen av namnet ved fastsetjing av skrivemåten. Det tilseier Knoste- som skrivemåte i denne saka, slik dei òg ynskjer lokalt. Knostebakkleivi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

38	796971	Kvanngjolo (1316-2, vedteke 1996)	Kvannjolo	Elv, frå Kvannjolevatnet til samrensla med Kvitli	<u>Uttale</u>: I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Kvannjolo oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Elv. Renn frå Kvannjolvatnet. Øvste del av elva. Kvannjol kan koma av ro[...]". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Kvannjolo som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Brauaone; det er mykje kvannjol der." <u>Skrifttradisjon</u>: Kvannjolo i Norge 1:50 000 frå 1952, 1978 og 1995, Kvanngjolo i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2008, Kvannjolo i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringsvar</u>: Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Kvannjolo, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding</u>: Språkrådet skriv fylgjande: "Det verkar sannsynleg at dette namnet anten beinveges eller indirekte heng saman med plantenemninga kvann(e)jol (m.). Den aktuelle åa renn ut or eit vatn som i samlinga etter Heggstad er nemnd med namneforma Kvannjolevatnet, og vatnet ligg like sørom ein nut som i same samlinga er nemnd med namneforma Kvannjolenuten. (Sjå postane 39 og 40.) Det at det er nytta e-fuge i dei to sistnemnde namna, kan tyda på at desse er avleidde av ånamnet. Me finn det mest tilrådeleg at ånamnet blir skrive fullt ut i tråd med uttalen, det vil seia at skrivemåten Kvannjolo blir fastsett som offisiell form. I Voss herad finst det fire åer som er SSR-registrerte med dei vedtekne skrivemåtane Langegjolo, Vangjolo, Tesgjolo og Horgjolo." (Framh.)

38	796971	Kvannjolo (1316-2) Kvannjola (KV sitt framlegg)		Elv, frå Kvannjole-vatnet til samrensla med Kvitli	<u>Tilråding (framh.)</u>: "Etterlekken i desse namna har ein sett i samanheng med eit mogleg gammalnorsk hankjønnsord med forma gjóll, eit ord som eventuelt har hange saman med substantivet gjel og som har vore nytta med tydinga 'djupt innhogg i terrenget'. (Jamfør med det som står om namnet Gjóleid på side 175 i 1997-utgåva av Norsk stadnamnleksikon.) Det at det er ein lydleg likskap i etterlekken i dei fire namna namna på Voss og det eine namnet i Ulvik som me har føre oss her, kan vera reint tilfeldig. Me finn ikkje grunn til å tilrå at etterlekken i ulviknamnet blir skrive -gjolo (med g)." <u>Vurdering</u>: Ordet kvannjol m. 'kvann', gamalnorsk hvannjóli, førekjem i stadnamn i Eidfjord òg. Kartverket deler Språkrådet si vurdering om at det mest sannsynleg er plantenemnet kvannjol som ligg til grunn for dette elvenamnet, og ikkje *gjóll m., som ein trur er opphavet til nokre elvenamn på Voss. Opplysninga frå Heggstad om at det er mykje kvannjol på staden, understøttar dette. Når g-en mest sannsynleg ikkje har etymologisk grunnlag, bryt det med norske rettskrivingsprinsipp å nytta han i skrift. Kvannjolo vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
----	--------	--	--	--	---

39	553089	Kvannjolenuten (1416-3) Kvannjolenuten (Boka "Ulvik i fortid og nutid 2", s. 290)	Kvannjolenuten	Fjell	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Kvannjolenut'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Nut. Markert fjell 1350 m.o.h. Grensa til Slondalsbeitet." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Kvannjolenuten som uttalenær skrivemåte. <u>Skrifttradisjon:</u> Kvannjolnt i Norge 1:50 000 frå 1952, Kvannjolenuten i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Kvannjolenuten, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvannjolenuten, jf. løpenr. 38. <u>Vurdering:</u> Som Språkrådet skriv på løpenr. 38, tyder bruken av e-fuge i uttalen av Kvannjolenuten og Kvannjolevatnet på at dei er avleidde av elvenamnet Kvannjolo. Endinga -o i elvenamnet tyder på linn hokjønnsbøying, og linne hokjønnsord får e-fuge i samansetningar, jf. ord som bryggjekant, kyrkjegard og vekeplan. Når desse stadnamna har e-fuge i uttalen, skal e-en òg nyttast i skrift, jf. punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane fastset fylgjande: "Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen." Kvannjolenuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.
40	674103	Kvannjolvatnet (1416-3) Kvannjolevatnet (Boka "Ulvik i fortid og nutid 2", s. 290)	Kvannjolevatnet	Vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Kvannjolevatnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Vatn. Sør for Kvannj.nuten". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Kvannjole-vatne som uttalenær skrivemåte. <u>Skrifttradisjon:</u> Kvannjolvn i Norge 1:50 000 frå 1952, Kvannjolvnt i Norge 1:50 000 frå 1982 og 1995, Kvannjolvatnet i Norge 1:50 000 frå 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Kvannjolevatnet, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvannjolenuten, jf. løpenr. 38. <u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 38 og 39.

41	1072853	Kvannskorane (informant via Rett i kartet)	Nedsta Kvannskori (hovudnamn) – <i>Kvannskorane</i> vert avslege som namneval	Hylle ved Slondals- vatnet	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Nistakvannskørè og Øfstakvannskørè oppførde som dialektform av namnet på kvar av dei to einskildskorane, båe med merknaden "Stor skør. Vest for Slondalsvatnet." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står "Kvannskorane, Løyning og Kvannskoræ, Slondal." <u>Skrifttradisjon:</u> Ingen kjend skrifttradisjon. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag skriv at Kvannskorane ligg vest for Sotenuten, og at Kvannskore ligg i Slondal. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvannskorane. <u>Vurdering:</u> Kartverket fekk ei innmelding av dette i tenesta Rett i kartet i 2019, der det stod fylgjande merknad frå innmeldaren: "Kvannskorane. To buføringsveger med oppmuringer, Øvste og Nedste Kvannskor." Både namnesamlinga på heradet sine nettsider, Heggstad og høyringssvaret frå sogelaget tyder på at ein lokalt helst opererer med dei to individuelle namna Nedsta Kvannskori og Øvsta Kvannskori. Det er den reelle namnebruken lokalt som skal vera grunnlaget for den offentlege namnebruken, jf. § 4 i lov om stadnamn. Kartverket splittar difor namneobjektet i to objekt. På dette namneobjektet er det naturleg å fastsetja Nedsta Kvannskori som namneform, medan Øvsta Kvannskori vert skrivemåten på det andre objektet (løpenr. 41a). Ordet skor er eit hokjønnsord, og endinga -i i bunden form eintal i desse namna fylgjer av løpenr. 8. Nedsta Kvannskori (løpenr. 41) og Øvsta Kvannskori (løpenr. 41a) vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
41a	1092737	-	Øvsta Kvannskori	Hylle ved Slondals- vatnet	Jf. løpenr. 41.

42	1084422	Kvitli (KV sitt framlegg)	Kvitli	Elv, frå Småfagradals-votni til Brauåni	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Kvitlè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Elv. Kjem frå Smaofagradalsvatna, ned i Brauaone. Kvitl = elvearm eller -[...]". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Kvitlæ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "elv, Osetevatnet, Løyning, Brauaonæ." <u>Skrifttradisjon:</u> Kvitle i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Kvitle, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvitli, og skriv fylgjande: "Namnet er bunden eintalsform av substantivet kvissel (f.; = 'grein av ei å'). Når det gjeld skrivemåten med tl, syner me til punktet 3.3 i dei utfyllande reglane. (Der står det slik: 'Konsonantsambanda sl, tl, ft, pt, fs, ps, mb og rs kan skrivast i samsvar med dialektuttalen (lisle/litle, tuft/tupt, ufs/ups, kamb, fors). Til dømes vil uttalen /tøpt/ kunne skrivast slik: Tuft (rettskrivingsform) eller Tupt (regional samleform).')" <u>Vurdering:</u> Det er her klart at namnet må koma av hokjønnsordet kvisl f. 'elvegrein', av gamalnorsk kvísl, som lyder "kvitl" (f.) i målføret, og ikkje av kvitel m. 'ullteppe', gamalnorsk hvitill, som lyder kvitle (m.) i målføret. Kvitl er eit sterkt hokjønnsord, og får dermed den vanlege endinga på -i i bunden form eintal, slik det er normeringspraksis for i Ulvik, jf. løpenr. 8. Kvitli vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

43	492795	Litlalitjørni (1316-2)	Litlelitjørnane	Gruppe av tjørnar	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Litlelikjødnane oppført som dialektform av namnet, med merknaden "To tjørnar. Eine tjørna ligg for det meste i Granvin". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står (Litlelihaugane og) Litleli-tjødnæ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Spaanheim." Olav S. Haugse opplyser at dei i Granvin nyttar Grøndalstjørn /grøn´dalskødn/ som namneform i Granvin. <u>Skrifttradisjon:</u> Litlalihaugstjødnane i økonomisk kartverk frå 1964, Litlalitjørni i Norge 1:50 000 frå 1978, 1995, 1996 og 2008. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Litlelitjødnane. Dei syner til Litlelitjødnæ hjå Heggstad og Litlelitjødnane i stadnamnsamlinga, og skriv at Litlalitjødnane vel no vert brukt mest i daglegtale. <u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "Det er grunn til å tru at føreleken i dette namnet etter gammalt er uttala Litleli-. (Jamfør med dei namneformene som er registrerte i dei aktuelle samlingane.) Me støttar framlegget frå sogelaget om å la namnet bli skrive med fleirtalsform. Namnet bør skrivast Litlelitjørnane i offentleg samanheng. [...]" <u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.
----	--------	------------------------	------------------------	-------------------	--

43	492795	Litlalihaugstjødnane (ØK) Litlelitjørnane (KV sitt framlegg) Litlalitjørnane (Ulvik sogelag sitt framlegg)		Gruppe av tjørnar	<u>Vurdering:</u> Kartverket sluttar seg til Språkrådet si vurdering om at nedervd uttale er Litleli- med -e-. Vanlegvis skulle ein venta Litla- med a i slike namn føre hokjønnsordet li i sørvestlandske dialektar, men i somme gamle stadnamn er gamle kasusformer bevarde i samansetningsfugene. I gamalnorsk hadde den linne bøyinga av adjektiv a-ending i nominativ, men u-ending i dei oblike kasusformene. Dei trykklette u-endingane er seinare vortne reduserte til -e: litlu > litle, slik ein ser i dette namnet. Det er lenge sidan kasussystemet fall bort i målføra i Hardanger, so slike spor etter kasus i stadnamn vitnar om høg alder. Ein kan argumentera for både eintalsform og fleirtalsform i denne saka, alt etter om ein reknar den største tjørna eller alle tjørnane som namneobjekt. Me noterer oss at sogelaget meiner fleirtalsforma er vanlegast i dag, og legg det til grunn for avgjerda om -tjørnane. Sidan denne staden ligg inne i Ulvik, og det er Litlelitjørn-namnet som har tradisjon frå før i kart, formaliserer me ikkje granvinsnamnet Grøndalstjørn på den største av desse tjørnane. Litlelitjørnane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.
----	--------	--	--	-------------------	--

44	7796	Litlalihaugane (ØK) Litlelihaugane (Ulvik i fortid og nutid 2)	Litlelihaugane (sidenamn) – Øvste Skjelmarhaug (sidenamn)	Haug, òg i Voss herad	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Litlelihaugane oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Haugar. Delvis i Granvin." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Litleli-haugane (og Litleli-tjødnæ) som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Spaanheim." I den tilgrensande delen av Granvin er det ikkje ført opp noko stadnamn her i djupinnsamlinga på Hordanamn. På telefon med Kartverket opplyser Olav S. Haugse frå Granvin /sjèl`marhèug/ (el. sjèl`mar-), /i:ns`te sjèlmarhèug/ eller /ø:fs`te sjèl`marhèug/ om denne haugen. Namnet står i motsetnad til Heimste Skjelmarhaug /haims`te sjèl`marhaug/ om ein haug lenger vest mot stølen Vatnasete. <u>Skrifttradisjon:</u> øvste Skjelmarhg i Norge 1:50 000 frå 1952, øv Skjelmarhaugen i Norge 1:50 000 frå 1978 og 1995, Øvre Skjelmarhaugen i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2008, Litlalihaugane i økonomisk kartverk frå 1964, "øvste 'Skjelmarhaug'" i bygdeboka Granvin, Ulvik og Eidfjord i gamal og ny tid 3 frå 1986. I boka Natur, Folkeliv og Folketro i Hardanger frå 1885 er Skjelmershaugane brukt, medan boka Folk or gamal tid 3 frå 1974 har Skjelmarshaugane. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer namneforma Litlelihaugane, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. Dei legg til at Øvre Skjelmarhaug er eit ukjent namn i Ulvik. <u>Tilråding:</u> Språkrådet støttar framlegget frå sogelaget om namneforma Litlelihaugane. <u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.
----	------	--	--	--------------------------	--

44	7796	Øvre Skjelmarhaugen (1316-2)		Haug, òg i Voss herad	<u>Vurdering:</u> Skrivemåten Litlelihaugane fylgjer av løpenr. 43. Namnet Øvste eller Øvre Skjelmarhaug, som har stått på kartet, er ikkje kjent i Ulvik. Namnet står heller ikkje i namnesamlinga for Granvin, men på telefon med Kartverket opplyser Olav S. Haugse at Skjelmarhaug er det vanlegaste namnet brukt i Granvin, ev. med Inste eller Øvste som presiserande førelekk, medan Litlelihaugane helst er eit Ulvik-namn. Det er vanleg at det kan vera ulik namnebruk i grensestrokk mellom to bygder, slik me har eit døme på her. Det er soleis ikkje grunnlag for å fjerna Øvre/Øvste Skjelmarhaug som namn i offentleg bruk, for det namnet har òg lokal tradisjon. Det er superlativsformer som er nytta i variasjonslekkane i uttalen, Øvste eller Inste i motsetnad til Heimste om ein haug lenger vest, jf. forma øvste Skjelmarhg i kartet frå 1952. Det tilseier at namnet får ein skrivemåte i samsvar med det. Dei to namna Litlelihaugane og Øvste Skjelmarhaug er nytta i kvar si bygd, og er soleis heilt jambyrdige. Det er difor mest rimeleg å setja dei som sidenamn, jf. kap. 7.2.2 i Handbok for namnebehandling. Skjelm- får ar-fuge i Granvin, i motsetnad til nullfuge i tilsvarende namn like austom i Ulvik. Som elles må samansetningsmåten her vera i samsvar med den nedervde, lokale uttalen. Litlelihaugane og Øvste Skjelmarhaug vert fastsette som skrivemåtar i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Dei to namna vert sette som sidenamn, jf. kap. 7.2.2 i Handbok for namnebehandling.
44a	1092738	-	Heimste Skjelmarhaug	Haug, i Voss herad	<u>Uttale:</u> Olav S. Haugse opplyser uttalen /haims`te sjèl`marhaug/ (eller sjèl´mar-) på telefon med Kartverket. <u>Vurdering:</u> Ettersom Øvste (eller Inste) Skjelmarhaug vert vurdert i denne namnesaka, er det naturleg at det motsvarande namnet Heimste Skjelmarhaug òg vert handsama og formalisert for offentleg bruk. Staden ligg like vest for Øvste Skjelmarhaug, altso "heimst" sett frå Vatnasete på Granvins-sida av heradsgrensa. Heimste Skjelmarhaug vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

45	99633	Skjelmhaug (ØK) Skjelmarhaug (1316-2)	Skjelmhaug	Haug	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Sjelmhaug oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Haug. Nordaust for Skjelmhaugstjødne". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Skjelmehaug, Skjelmhaugjen som uttalenære skrivemåtar, med merknaden "(Haukanes Skjelmershaugane) Spaanheim paa stølen Furesete." <u>Skrifttradisjon:</u> Skjelmhaug i økonomisk kartverk frå 1964. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skjelmhaug, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skjelmhaug i tråd med det som står i kommunen si namnesamling, og med støtte frå sogelaget. <u>Vurdering:</u> Namnet Skjelmershaugane er nemnt frå dette området i nærleiken av Angerskleiv i ei segn i boka Natur, Folkeliv og Folketro i Hardanger av Thronð Haukenæs. Den same segna står på s. 8 i Folk or gamal tid 3 frå 1974, der namnet er skrive Skjelmarshaugane, og det namnet dekkjer venteleg heile området med haugar frå Heimste Skjelmarhaug i vest til Skjelmhaug i aust. Bruken av s i fuga er truleg ei hyperkorrigering, den gamle namneforma er venteleg *Skjelmarhaug(ane). Haugen som ulvikjene i dag kallar Skjelmhaug ligg altso i austre enden av dette området, godt inne i Ulvik, og der er det fylgjeleg ulvik-uttalen brukt i dag som må leggjast til grunn for skrivemåten. Både ubunden form Skjelmehaug med e-fuge og Skjelmhaugjen i bunden form utan fuge førekom på Heggstad si tid, men Skjelmhaug i ubunden form utan e-fuge ser ut til å vera brukt i uttalen i Ulvik i dag, og då skal skrivemåten ta utgangspunkt i det. Skjelmhaug vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.
----	-------	--	-------------------	------	--

46	552838	Skjelmarhaugstjørni (vedteke 1996) Skjelmhaugtjørni (1316-2)	Skjelmhaugstjørni	Tjørn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Sjelmhaugskjødnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Tjødn. Utom Skjelmhaug." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står "Skjelm(e)haug(s)tjødnæ" som uttalenær skrivemåte, med merknaden "ved Skjelmehaug." <u>Skrifttradisjon:</u> Skjelmhaugstjødn i økonomisk kartverk frå 1964, Skjelmhaugtjørni i Norge 1:50 000 frå 1978 og 1995, Skjelmarhaugstjørni i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2008. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skjelmhaugstjødne, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skjelmhaugstjørni. Dei syner til at det er nytta genitivs-s i den parallelle avleiingsforma 'Skjelmhaugsbekkjen'. Dei meiner at båe dei to namna som er avleidde av namnet Skjelmhaug, bør skrivast med genitivs-s. <u>Vurdering:</u> Namneforma Skjelmarhaugstjørni, som vart vedteken i 1996, må ha teke utgangspunkt i Granvins-uttalen av namnet, jf. løpenr. 44. Men tjørna ligg godt inne i Ulvik, nær Skjelmhaug, og då er det mest naturleg å leggja Ulvika-uttalen til grunn for skrivemåten i offentleg bruk. Skjelmhaugstjørni vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.
47	159925	Skjelmhaugsbekkjen (ØK) Skjelmarhaugsbekke n (KV sitt framlegg)	Skjelmhaugsbekken	Bekk	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Sjelmhaugsbekkjen oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Bekk. Kjem frå Skjelmhaugstjødne". <u>Skrifttradisjon:</u> Skjelmhaugsbekkjen i økonomisk kartverk frå 1964. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skjelmhaugsbekkjen, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skjelmhaugsbekken, jf. løpenr. 46. Dei peikar på at regelverket ikkje gjev grunnlag for skrivemåten -bekkjen. <u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 45 og 46.

48	21171	Nordrebotnen (1316-2, vedteke 1996)	Nordrebotnen	Botn, òg i Voss herad	<u>Uttale</u>: Det ligg ikkje føre konkrete uttaleopplysningar for namnet, men namnet står som Norebotnen i boka Granvin i fortid og nutid frå 1923, noko som venteleg er ein talemålsnær skrivemåte. Det same gjeld namneforma Norebotn i seterlistene frå 1930-åra. <u>Skrifttradisjon</u>: Nordrebotnen i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2008, Norebotnen i boka Norske gardsbruk 11 frå 1963, der "Nuten, Norebotnen og Botnen sætrar" vert lista opp som stølar tilhøyrande bruk 99/4 i Granvin. <u>Høyringsvar</u>: Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Nordrebotn. <u>Tilråding</u>: Språkrådet skriv fylgjande: "I ein stor del av Hardanger blir det i talemålet skilt mellom ubunden og bunden eintalsform av ordet botn (m.). (Det er her altså sagt noko liknande /'båt'n/ i ubunden form og /'båtnen/ i bunden form.) Der det ikkje er operert med eit slikt skilje, blir det nytta ei uttaleform som /'båt'n/, /'böt'n/ eller liknande (med stavingsberande /n/) i så vèl bunden som ubunden form. I den konkrete saka me har føre oss her, tolkar me fråsegna frå Ulvik sogelag slik at det i dette tilfellet er nytta ei uttaleform med stavingsberande /n/. Me støttar difor framlegget frå sogelaget om å la det aktuelle namnet bli skrive Nordrebotn i offentleg samanheng. (Ein stor del av den dalbotnen det er tale om i denne saka, ligg i tidlegare Granvin herad.)" <u>Vurdering</u>: Sjå nedanfor.
----	-------	-------------------------------------	---------------------	-----------------------	--

48	21171	Nordbotnen (jf. løpenr. 49, Nordbotnnuten)		Botn, òg i Voss herad	<u>Vurdering:</u> Skrivemåten Nordre- fylgjer av uttalen og norske rettskrivingsprinsipp. Når det gjeld etterleken -botn(en), er det rett som Språkrådet skriv, at målføra i store delar av Hardanger tradisjonelt skil i uttalen mellom ubunden og bunden form av ordet botn: /båtn/ - /båt'nen/. Det gjeld alle dei gamle målføra i Indre Hardanger, medrekna Ulvik, og i Kvam, men ikkje i Granvin. I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider er namn som endar på ordet botn nesten gjennomført normert med skrivemåten "-botnen", og /-bòtn'n/ eller /-bot'n/ er like gjennomgåande brukte som uttaleformer der. Dette syner at den gamle uttalen /båt'nen/ med tydeleg uttalt trong, trykklett vokal i stor grad har gått ut i dag, og at stavingsberande n langt på veg har overteke, slik det er vanleg i dei fleste andre norske dialektar i dag. Eit anna utviklingstrekk i Indre Hardanger dei siste 100 åra er at den ubundne forma av t.d. ordet botn har fått stavingsberande n (/båt'ṇ/, medan den gamle uttalen i Indre Hardanger og i Kvam var /båtn/ i éi staving. Ein kan framleis høyra former som /vatn/ og /båtn/, men i dag er det sjeldan. Samanfallet i dag i den lydlege realiseringa av botn i ubunden form og botnen i bunden form er soleis langt på veg fullført i Ulvik. Kartverket tolkar difor ikkje høyringssvaret frå Ulvik som uttrykk for eit høyrleg skilje mellom -botn og -botnen i det aktuelle namnet, men heller som at namnet spontant kan høyrast ut som eit namn i ubunden form. (Framh.)
48	21171	Nordrebotn (Framlegg frå Ulvik sogelag)		Botn, òg i Voss herad	<u>Vurdering (framh.):</u> Nordrebotn(en) ligg i stor grad inne i Granvin, som til liks med Voss ikkje har tradisjonelt skilje i uttalen mellom botn og botnen. Men dette stadnamnet må sjåast i samband med dei andre botn-namna like i nærleiken, og normerast likt som dei, jf. Botnen, Trollabotnen og serleg Vestrebotnen, som ligg like vestom Nordrebotn(en). Alle desse namna er normerte i bunden form, og det er grunn til å rekna med at dei alle går inn i det same mønsteret med bunden form i botn-namn som ein finn elles i Hardanger. Skrivemåten må difor verta Nordrebotnen i bunden form. Nordrebotnen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

49	67903	Nordbotnnuten (1316-2, vedteke 1996) Nordrebotnnuten (KV sitt framlegg, jf. Nordrebotnen)	Nordrebotnnuten	Topp, òg i Voss herad	<u>Uttale:</u> Namnet står skrive Norebotnnuten i heradsregisteret (1992), noko som venteleg er ei talemålsnær namneform. I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Norbòtnnut'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Nut, 1471 moh. Nord for Hestastonuten, Grense". <u>Skrifttradisjon:</u> Norbotnut i ei rektangelmåling frå 1864, Nordbotnnt i Norge 1:50 000 frå 1952, Nordbotnnuten i Norge 1:50 000 frå 1978, 1995, 1996 og 2008, Norebotnnut i Ulvik i fortid og nutid – en bygdebok frå 1925. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Nordbotnnut. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nordrebotnnuten i samsvar med primærnamnet Nordrebotn. Dei skriv at når det på N50-kartet for området (kartet 1316-2) dette tilfellet er nytta ein skrivemåte med bunden artikkel, reknar dei med at det er fordi den skrivemåten er i tråd med den uttaleforma som er nytta etter gammalt. <u>Vurdering:</u> Som Språkrådet peikar på, må Nordrebotn- brukast som skrivemåte i samsvar med primærnamnet på løpenr. 48. Forma /no:r-/ i staden for /no:`re-/ finst nok, slik både rektangelmålinga, seinare kartbruk og namnesamlinga frå Ulvik tyder på, men dette må sjåast som ei samandraging eller lydleg forenkling av den eigentlege namneforma Nordre- (/no:`re-/). Forma Norebotnnuten i heradsregisteret frå 1992 stadfester at den opphavlege forma /no:`re-/ framleis førekjem, og både den og namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider stadfester bunden form -nuten, slik Språkrådet reknar med. Nordrebotnnuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

50	403597	Rauskredalen (ØK) Raudskreddalen (KV sitt framlegg)	Raudskreddalen	Dal	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Rauskredal'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "skreda/ur. I Raudskreddalen". Namnet står ikkje i artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925), men eit anna namn med same førelekk står med Rauskreheldren som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Løyning." <u>Skrifttradisjon:</u> Rauskredalen i økonomisk kartverk frå 1964. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Rauskredalen. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Raudskreddalen. Dei peikar på at namnet må hanga saman med adjektivet raud, og at andrelekken tvillaust er inkjekjønnsordet skred. <u>Vurdering:</u> Orda raud og skred er vanlege ord i norsk. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn fastset at ålment kjende ord og namneledd skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving. Det tilseier skrivemåten Raudskreddalen, som Språkrådet tilrår. Raudskreddalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.

51	796081	Sauerjuven (1416-3) Sauarjuven (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Sauarjuven	Topp	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Sauarjuen oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fjelltopp. Sørøst sjøve skavlen, 1477 m.o.h." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Sauarjuen som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Neste, Øvste-, Osa. 'Sauene hev vorte standande der'." <u>Skrifttradisjon:</u> Sauerjuven i Norge 1:50 000 frå 1952, 1982, 1995, 1999 og 2010, Sauarjuven i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Sauarjuven, og syner til Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sauarjuven. Dei meiner at namnet bør skrivast med a-fuge i tråd med den nedervde, lokale uttalen. Etterlekken ser ut til å hanga saman med ei eldre verbform rjuva av nynorskforma ruva (= 'raga høgt opp'). <u>Vurdering:</u> Språkrådet har nok rett i at etterlekken har samanheng med verbet ruva. I Hardanger har ein i målføret ordet rjuv m. 'berrfleck i snøen' eller 'gryvlut, steinut berggrygg', der desse to tydingane gjerne førekjem i kombinasjon. Sauarjuven ligg i tilknytning til Osaskavlen, og knyter seg nok til det som ofte har vore ein berrfleck i denne breen. Samansetningsmåten Saue- med e-fuge bryt med vanleg seiemåte lokalt, som har a-fuge. Det er generelt normeringspraksis for å fylgja målføret når det gjeld samansetningsfuger i stadnamn, og det er òg nedfelt i punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane: "Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen. Døme: Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Strandvikfjellet, Vikafjellet, Vikefjell." Sauarjuven vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.

52	462962	Skoma (1416-3)	<i>Skummo</i>	Elv	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Skommo oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Elv. Renn frå Skommavatnet til Hallingskeid. Elva skummar." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Skóm(m)o som uttalenær skrivemåte, med merknaden "elv, Hallingskeid, 'av skum n'?. Ho er svært fossande. Dertil: Skomma-brææ, -høgda, -nósæ[!]." <u>Skrifttradisjon:</u> Skommen i eit dokument tinglyst 05.02.1816, Skomaa i ei rektangelmåling frå 1864, Skoma i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010, Skommo i eit kart på s. 45 i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skommo, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Når ein ser isolert på elvenamnet, kan det sjå ut som det er eit svakt hokjønnsord med bunden eintalsform. I det aktuelle området [...] finst det fem andre namn som på eitt eller anna vis må hanga saman med det elvenamnet det er tale om her. (Sjå dei fem neste namnepostane.) Alle desse namna har ein utmerkingslekk som endar med ein a-fuge. Dei fem namna er venteleg avleidde av elvenamnet, og på grunn av den nemnde a-fugen er det mest sannsynleg at elvenamnet har fleirtalsform (då helst dativform). Bruk av fleirtalsform kan hanga saman med dette at elva er delt i mange far (kvisler), som er skilde med ei mengd små holmar. I desse kvislene ser det ut til å vera mange små fossar og hølar. Difor er det godt tenkjeleg at det her dannar seg frau og at det då er dette som er bakgrunnen for elvenamnet. (Namnet kan eventuelt tyda 'fossane eller hølane med mykje skum'). (Framh.)
----	--------	----------------	---------------	-----	--

52	462962	Skommo (Boka "Ulvik i fortid og nutid 2", s 312)		Elv	<u>Tilråding (framh.)</u>: "I dei gjeldande rettskrivingsordbøkene finst det ikkje eit einaste ord med forma skom eller med lekken skom som rot. Forma skum finst i fleire ord. Me finn det difor mest tilrådeleg at det primærnamnet me har føre oss i denne saka, blir skrive med u i første stavinga. Me tilrår at namnet blir skrive Skummo. Dei uttaleformene som er registrerte for dei fem avleidde namna, er alle førde med dobbel m. Dette tolkar me slik at det har vore mest vanleg å nytta ein uttale med kort rotvokal." <u>Vurdering</u>: I hardingmålet kan ein neppe skilja mellom rotvokalen i Gummen /gùm`men/ og i Skummo /skóm`mo/. Open kort u eller trong kort o er å rekna som éin og same lyd, noko som òg tilseier å skriva dei likt. Ein skrivemåte Skommo kan verka misvisande for uttalen, sidan korte o-ar vanlegvis skal lesast med å-uttale. Ei sannsynleg tyding av dette elvenamnet, 'den skummande', tilseier òg at namnet vert skrive med u og ikkje med o, jf. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn. Det er ikkje normalt at elvenamn har dativs- eller fleirtalsform, men det er vanleg at gamle usamansette elvenamn har hokjønnsendinga -o i Hordaland, og dette trekket har vore produktivt og gjeve grunnlag for nylaga avleiingar av namn som ikkje er opphavlege elvenamn, t.d. Smørbotno av Smørbotnen i Eidfjord og Brako av Brakabotnen i Ullensvang. Ein reknar òg med at det vanlege mønsteret med linne hokjønnsendingar i elvenamn ofte har spreitt seg til usamansette elvenamn som opphavleg hadde sterk form, og ikkje linn hokjønnsending, jf. boka Norske Elvenavne av Oluf Rygh. Rygh fører t.d. opp elvenamnet Atna i Østerdalen med *Qtn, i genitiv Atnar, som moglege gamalnorske former. (Framh.)
----	--------	--	--	-----	--

52	462962	Skummo (KV sitt framlegg)		Elv	<u>Vurdering (framh.):</u> Når namnet Skummo får forma Skumma- i samansetningar, treng forklaringa difor ikkje vera at den usamansette forma er genitiv fleirtal. Skrivemåten Skoma med den fullnormerte hokjønnsendinga -a i kart tyder òg på at namnet har vore tolka som eit namn i hokjønn eintal. Men anten endinga representerer ei linn hokjønnsending i eintal eller dativ fleirtal, opnar regelverket uansett for -o som skrivemåte. Punkt 5 i dei utfyllande reglane fastset at dativsendinga -o kan nyttast i skrivemåten av stadnamn, medan o-ending i usamansette elvenamn i Hordaland er å rekna som ei regional samleform, jf. § 3 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skummo vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd og § 3 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.
53	463610	Skomahallet (ØK)	Skummahallene	Li	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Skommahadlena oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fine hadler oppom stasjonen". <u>Skrifttradisjon:</u> Skomahallet i økonomisk kartverk frå 1972. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skommahadlena, og syner til stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skummahallene. Dei peikar på at regelverket ikkje gjev grunnlag for skrivemåten -hadlena. <u>Vurdering:</u> Førelekken får skrivemåten Skumma-, jf. løpenr. 52. Som Språkrådet er inne på, må etterlekkene -hallene fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skummahallene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

54	371081	Skomahøgdene (1416-3)	<i>Skummahøgdene</i>	Fjell, òg i Aurland kommune	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Skommahøgdena oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Høgder. Vest for Skommanose. Grensevarde mot Hallingskeid" og "På nordsida av vatnet. Allmennings- og fylkesgrensa". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Skommahøgdena som uttalenær skrivemåte. <u>Skrifttradisjon:</u> Skommahøgdedn i Norge 1:50 000 frå 1952, Skomahøgdene i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010, Skumahøgdene (i teksten) og Skommahøgdene (i eit kart) i boka Stølar i Ulvik frå 2015. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skommahøgdena, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skummahøgdene, jf. løpenr. 53. <u>Vurdering:</u> Skummahøgdene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, jf. løpenr. 52 og 53.
55	371083	Skomanosi (1416-3)	<i>Skummanosi</i>	Topp, òg i Aurland kommune	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Skommanòsè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Markert nut 1640 m.o.h. Allmennings og fylkesgrensa". I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står "Skomma-nósæ"(!) som uttalenær skrivemåte. <u>Skrifttradisjon:</u> Skomaana(!) i Norge 1:50 000 frå 1952, Skomanosi i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skommanose, og syner til Heggstad og stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skummanosi, jf. løpenr. 8. <u>Vurdering:</u> Skummanosi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, jf. løpenr. 52 og 53.

56	189087	Skomavatnet (1416-3)	Skummavatnet	Vatn	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Skommavatnè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Inn under Skommanøse. 1276 m.o.h." <u>Skrifttradisjon:</u> Skomaavatn i Norge 1:50 000 frå 1952, Skomavnt i Norge 1:50 000 frå 1982 og 1995, Skomavatnet i Norge 1:50 000 frå 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skommavatnet, og syner til stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skummavatnet. <u>Vurdering:</u> Skummavatnet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, jf. løpenr. 52 og 53.
----	--------	----------------------	---------------------	------	--

57	68208	Skomabreen (1416-2)	Skummabreen	Isbre, i Aurland kommune	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Skommabreen som oppslagsform og Skommabrè oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Isbre. Nordom Skommanøse. Ligg på grensa mellom Aurland og Ulvik." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Skomma-brææ som uttalenær skrivemåte. I heradsregisteret (1947) står /sko:ˈmmåbreøn/ som uttale i Aurland, med merknaden "Breen vert ofte kalla berre Skommen /sko:ˈmmæn/. <u>Skrifttradisjon:</u> Skommabre og Skomaabræi i gradteigskart frå 1949, Skomabreen i gradteigskart frå 1962, 1964 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2008. <u>Høyringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Skommabreen, og syner til Heggstad. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skummabreen. Dei peikar på at breen ligg i Aurland kommune. Frå Aurland er det SSR-registrert fire brenamn, og i alle desse namna er etterlekkjen registrert med skrivemåten -breen som eineform, to av dei med vedtekne skrivemåtar. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Skumma- fylgjer av løpenr. 52 og 53. Uttalen Skommabrè i namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider må nok lesast som ei samandraging av Skomma-brææ, slik namnet er notert hjå Heggstad. Når to like vokalar fylgjer etter kvarandre i ei staving utan hovudtrykk, er det lett for at dei vert trekte saman til éi staving i uttalen. Namneforma Skomaabræi i den fyrste utgåva av gradteigskarta har tydelegvis teke utgangspunkt i den nemnde uttalen hjå Heggstad. (Framh.)
----	-------	---------------------	--------------------	--	---

57	68208	Skomaabræi (gradteigskart frå 1949)		Isbre, i Aurland kommune	<u>Vurdering (framh.)</u> : Sidan etterlekken bre er eit ålment kjent ord, må skrivemåten fylgja gjeldande rettskriving, so -bræ- er ikkje ein aktuell skrivemåte i dag. Ordet bre ser tradisjonelt ut til å ha hokjønnsform i Ulvik, Heggstad nemner òg eit par andre i artikkelen sin: "Av bredar: Omsbrææ, Vargabrææ, (eller -bræo, formi ustød)". Men Ulvik har stort sett ein eintydig normeringspraksis for -breen i samsvar med rettskrivinga, og i Aurland har ordet hankjønn i målføret òg. Breen ligg i Aurland, og då er det serleg grunn til å leggja vekt på uttalen der for dette namnet. Det tilseier Skummabreen som skrivemåte. Skummabreen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.
58	1085080	Slondalsskori (Ulvik sogelag sitt framlegg) Slondalsskore (Ulvik sogelag sitt framlegg)	Slondalsskori	Hylle	<u>Uttale</u> : I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Slondalsskørè oppført som dialektform av namnet, med merknaden " Stor fjellskør. Utom øv. i Svinaskr. Bue i Slondal når snøen for her." I artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925) står Slondalsskøræ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Sygnestveit. 'Naar den skori er taai, kann dei reisa til Slondalen.'" <u>Skrifttradisjon</u> : Slondalsskøri i boka Makter og menneske 5 frå 1943. <u>Høyringsvar</u> : Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Slondalsskore, og syner til Heggstad. Då sogelaget fyrst bad om namnesak for dette namnet, gjekk dei inn for anten Slondalsskore eller Slondalsskori som skrivemåte. <u>Tilråding</u> : Språkrådet tilrår skrivemåten Slondalsskori. Dei peikar på at ein finn att genitivs-s-en i forma Slondalsvatnet, som er knytt til det same primærnamnet. <u>Vurdering</u> : Slondals- må ha s-fuge, slik Språkrådet peikar på, jf. § 6 andre ledd i dei utfyllande reglane: "Ein skal som hovudregel nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med den nedervde lokale uttalen." Etterlekken -skori må ha i-ending i samsvar med normeringspraksis elles i Ulvik, jf. løpenr. 8. Slondalsskori vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.

59	370206	Slondalskåkene (1416-3) Slondalsskåkene (Ulvik sogelag sitt framlegg)	Slondalsskåkene	Rygg	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Slondalsskaokjena oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fjellkam. Mellom Haldestigen og Balaonedalen." <u>Skrifttradisjon:</u> Slondalsskoren^t i Norge 1:50 000 frå 1952, Slondalskåkene i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyringsvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Slondalsskåkene, og syner til stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Slondalsskåkene. Dei meiner at alt tyder på at det er nemninga skåk (f.) med primærtydinga 'dragtre på ei hestevogn' som her er nytta jamførande i fleirtalsform om nokre smale fjellryggjer. Dei legg til fylgjande: "Den bundne fleirtalsforma av ordet skåk som er førd opp i rettskrivingsordbøkene, er skjækene, og i fleire norske dialektar er denne skrivemåten i tråd med den munnlege nemningsbruken. Men i denne konkrete saka bør det takast omsyn til det at det er sagt '-skaokjena' i staden for '-sjæk(j)ena'. Når det gjeld bruken av genitivs-s, syner me til det me har skrive ovom her (i post 58)." <u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.
59	370206	Slondalsskjækene (KV sitt framlegg)		Rygg	<u>Vurdering:</u> Førelekken får skrivemåten Slondals- med s-fuge, jf. løpenr. 58. Kartverket deler Språkrådet si vurdering når det gjeld opphav og skrivemåte av etterlekkene -skåkene. Ordet skåk f. har formene skjæker, -skjækene i fleirtal i rettskrivinga, men når det aktuelle namnet likevel har ei regelrett hokjønnsbøying i uttalen, lyt namnet fylgja uttalen, jf. § 4 fyrste ledd i stadnamnlova. Som terengord vert skåk f. /skaok/ i Ulvik ofte brukt om brearmar, og då har ordet forma skjæker - skjækene, t.d. Leirebottsskjækene, men det er mogleg at det er bruken i ei anna tyding her eller yngre alder som gjer at dette namnet ikkje fylgjer det normale bøyingsmønsteret. Slondalsskåkene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

60	189156	Storekammen (1416-3) Storekamben (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Storekamben	Rygg	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Storekamben oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fjellkam. Innom Vetlekamben." <u>Skrifttradisjon:</u> Storekammen i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyeringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Storekamben. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Storekamben, og syner til punkt 3.3 i dei utfyllande reglane: "Konsonantsambanda sl, tl, ft, pt, fs, ps, mb og rs kan skrivast i samsvar med dialektuttalen (lisle/litle, tuft/tupt, ufs/ups, kamb, fors). Til dømes vil uttalen /tupt/ kunne skrivast slik: Tuft (rettskrivingsform) eller Tupt (regional samleform)." <u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering, som er i samsvar med lokale ynskje. Skrivemåten -kamben har òg støtte i punkt 3.8 i dei utfyllande reglane, jf. den gamalnorske ordforma kambr: "Namneledd med ein nedervd lokal uttale som har nær samanheng med gammalnorske former, kan skrivast i samhøve med uttalen (lid for li, strond for strand)." Storekamben vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 3.3 og 3.8 i dei utfyllande reglane.
61	796176	Vetlekammen (1416-3) Vetlekamben (Namnesamling på Ulvik herad sine nettsider)	Vetlekamben	Rygg	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Vetlekamben oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Fjellkam. Innom Tjødnaberget." <u>Skrifttradisjon:</u> Vetlekammen i Norge 1:50 000 frå 1982, 1995, 1999 og 2010. <u>Høyeringssvar:</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Vetlekamben. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetlekamben, jf. løpenr. 60. <u>Vurdering:</u> Både Vetle- med -tl- og -kamben med -mb- har dekning i punkt 3.8 i dei utfyllande reglane, jf. løpenr. 60. Vetlekamben vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 3.3 og 3.8 i dei utfyllande reglane.

62	66123	Øykjaskarsnuten (vedteke namneledd - skar- 2010)	Øykjaskornuten	Fjell, òg i Eidfjord kommune	<u>Uttale:</u> I namnesamlinga på Ulvik herad sine nettsider står Øykjaskarsnut'n oppført som dialektform av namnet, med merknaden "Høgfjell. Mot Onen. Grensa m/ Eidfjord". (Namnet Øykjaskøræ står der oppført under namn utan stadfesting.) Namnet står ikkje i artikkelen Stadnamn i Ulvik av Leiv Heggstad (1925), men det som moglegvis er primærnamnet står der med Øykjaskøræ som uttalenær skrivemåte, med merknaden "Lindebrekke, Hedlaos." (Stølen Hellås ligg i nærleiken av nuten.) I heradsregisteret frå 1991 står Øykjaskåræ og Øykjaskårsnuten som talemålsnære namneformer, båe med merknaden "Grensa mellom Ulvik og Eidfjord." På eit stadnamnkort frå 1941/1942 står /øɣ`kaskarnuten/ som uttale. I ei skulebornsoppskrift frå garden Skor i Eidfjord frå 1931 står namnet skrive Øykjaskaarnuten. <u>Skrifttradisjon:</u> Øykaskarsnut i ei rektangelmåling frå 1864, Øykaskardsnt i ei gradteigskmåling frå 1929, Øykjaskardsnt i gradteigskart frå 1945, 1956, 1960 og 1974, Øykjaskardsnt i Norge 1:50 000 frå 1952, Øykjaskardsnuten i Norge 1:50 000 frå 1982 og seinare. <u>Høyringsvar:</u> Eidfjord kommune har gjort vedtak om fylgjande høyringssvar: "Eidfjord kommune støttar seg til målbruks- og namnenemnda sin uttale i namnesak 2023/278. Øykjaskarsnuten er den skrivemåten som ligg nærast Eidfjord-dialekta." Målbruks- og namnenemnda i kommunen skriv fylgjande: "Etter møte i målbruks- og namnenemnda ser ein at skrivemåte "Øykjaskarsnuten" er nærmaste den lokale dialektuttalen og skrivemåten, då det på Eidfjord-dialekt ofte vert brukt "a" i staden for "e" ved uttale av lokale stadsnamn. Målbruks- og namnenemnda har difor "Øykjaskarsnuten" som framlegg til skrivemåte." (Framh.)
----	-------	--	-----------------------	--	--

62	66123	Øykjeskardsnuten (1416-3)		Fjell, òg i Eidfjord kommune	<u>Høyringssvar (framh.):</u> Ulvik sogelag ynskjer skrivemåten Øykjaskarsnuten, og syner til stadnamnsamlinga. <u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv fylgjande: "Den munnlege namnebruken gir fullt grunnlag for å skriva førelekken med ja-fuge, det vil seia Øykja- i staden for Øykje-. (Jf. med punkt 6 i dei utfyllande reglane.) Nuten ligg delvis på garden Skor, gnr. 31 i Eidfjord kommune. På ei skulebarnsoppskrift frå denne garden er namnet skrive 'Øykjaskaarnuten'. Skrivemåten utan genitivs-s er truleg fullt ut i tråd med den nedarva lokale uttalen. Frå kommunane Ulvik, Eidfjord og Ullensvang er det SSR-registrert i alt åtte nut-namn som inneheld ein nest siste lekk av ordet skar. Når ein ser vekk frå det namnet som det dreier seg om no, er det gjennomført namnesak tidlegare for alle namna, og skrivemåten -skarnuten er vedteken konsekvent. Der er altså ingen genitivs-s i nokon av dei vedtekne namneformene. Me tilrår at skrivemåten Øykjaskarnuten blir vedteken." <u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering når det gjeld skrivemåten Øykja-i førelekken. Det er ikkje dokumentert noko *Øykjaskar(et) ved denne staden, men det er derimot notert ei Øykjaskøræ/Øykjaskåræ i to ulike namnesamlingar i nærleiken av nuten. Det samsvarar godt med namneforma Øykjaskaarnuten i skulebornsoppskriftene frå 1931 og Øykjaskårsnuten i heradsregisteret frå 1991. Skrivemåtevariantar med -skars- har stått i ulike kartutgåver i over 150 år, og det kan ha verka inn når det òg førekjem variantar med -skars- i lokale namnesamlingar. (Framh.)
----	-------	------------------------------	--	------------------------------------	---

62	66123	Øykjaskarsnuten (Ulvik sogelag sitt framlegg)		Fjell, òg i Eidfjord kommune	<u>Vurdering (framh.):</u> Det er høgst sannsynleg ordet skor f. 'fjellhulle' som ligg til grunn for dette namnet, og ein skrivemåte -skar- vil då skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. Basert på uttaleopplysningane og opplysningane om eit primærnamn Øykjaskori, legg Kartverket difor ordet skor til grunn for normeringa av namnelekken -skar-/-skor-/ i dette namnet. Til liks med ordet skar er det ikkje vanleg i stadnamn at namnelekken skor får fuge-s etter seg i trilekkssamansetningar, og det er grunn til å rekna med at namneforma Øykjaskaarnuten utan fuge-s i skulebornsoppskriftene frå 1931 er den som best gjev att den genuine uttalen av dette namnet. Ein skrivemåte Øykjaskornuten vil soleis best kunna representera meiningsinnhaldet i namnet (§ 1 i lova), tradisjonell samansetningsmåte (punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane) og gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk (§ 4 i lova). Øykjaskornuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 i lov om stadnamn og punkt 6 andre avsnitt i dei utfyllande reglane.
----	-------	--	--	--	--